

ÅRSMELDING
og rekneskap

2015



SYLTA VOSSAKVANN:

Kutt opp kvannstilkar i 1 cm bitar, forvell desse raskt i kokande vatn og avkjøl.

Kok opp ein sukkerlake, ha i litt sitronsaft, kjøl den litt ned og tilset kvannstilkane.

Fyll kvann og lake på glas og set på lokk, må stå nokre dagar før bruk.

Den sylta kvannen kan brukast i lag med kjøttrettar, eller som smak i kaker og dessertar.

Lokalt krydder til tørre tal

I år skal me krydra dei tørre rekneskapstala med litt lokalbotanisk historikk. Planta *Angelica archangelica* var. *maiorum*, betre kjend som Vossakvann, har ei lang historie og nærast endelausa bruksområde.

Kvann er Noreg sin eldste kulturplante, og har sidan vikingtida vore nytta både til mat og medisin. Planta er Noreg sitt einaste bidrag til verdas medisin- og grønnsakskultur, og er i så måte eineståande. Den karakteristiske kryddersmaken var og er fortsatt eit populært innslag i øl og brennevin, og planta vert også nytta i salat, is og kaker. Kvann har også ein sentral plass i folkemedisinen. Det var ikkje måte på kva kvann kunne kurere, alt frå problem med fordøying til pest. I fleire hundre år vart kvann eksportert i store mengder til Europa, der pesten herja. Og sjølv sagt var planta også eit akta afrodisiakum.

På 900-talet var kvann ei vanleg handelsvare i Noreg. På den tida var det den unge blomsterstengelen som vart eten. Så populær var kvannen, at han beint fram vart overbeskatta og heldt på å døy ut. Vikingane løyste problemet ved å byrje og dyrke planta i kvanngardar.

Vanleg kvann veks for det meste i fjellet. På Voss har kultivering av kvann ei lang historie blant

gardbrukarar. Også her vart planta dyrka i kvanngardar, og i periodar hadde bøndene plikt til å dyrka ho. Kvanngardane var i bruk også i moderne tid, særleg i bygdene rundt Voss. Så no treng du ikkje lenger undra deg over kvifor Kvann dal i Hardanger heiter nettopp det. Dei som har greie på slikt, meiner Vossakvann er den beste varianten. Ho er litt søtare enn viltveksande kvann, og mindre bitter. Vossakvann har også fylt stilk, i motsetnad til den viltveksande varianten som har hul stilk. Den gode smaken skuldast truleg at bøndene i kring Voss var flinke til å velje ut gode planteartar til matauk på gardane.

Vossakvann vart nærast danka ut av rabarbra, og på 1950-talet var den på randa til å verta utrydda. Då tok professor Knut Fægri ansvar. Han reiste rundt i Vossabygdene og samla opplysningar om planta, og tok med seg frø heim til botanisk hage i Bergen.

Den kultiverte planta veks no i botanisk hage i Arboretet i Bergen.

Innhald

s. 3 Lokalt krydder til tørre tal

s. 4 Stolt kunde lager ildvann med kvann

s. 6 Årsmelding

s.15 Rekneskap og notar 2015

s.16 Fakta

s.17 Nykkeltal

s.18 Resultatrekneskap

s.19 Balanse

s.20 Endring i eigenkapitalen

s.20 Kjøp/sal av eigne aksjar

s.21 Kontantstraumoppstilling

s.22 Notar

s.51 Meldingar

s.55 Tillitsvalde



” *Franskmenn har stor interesse for Vossakvann.*

Gunnar Nagel Dahl
Matattaché, Fylkesmannen i Hordaland

Stolt kunde lagar ildvann med kvann

SORBET

200 gr sukker
2 dl vatn
500 g kvannstilkar
1 sitron
2 cl eplebrennevin apal

Slik gjer du:

Reins og skjer kvann i bitar.

Kok opp vatn og sukker og la kvann koke med i 1 minutt.

Sil laken over i ein bolle. Avkjøl laken.

Køyr dei saman med sitronsaft og finrive sitronskal til ein jamn masse saman med den avkjølte sukkerlaken. Sil massen.

Hell sorbet-massen over i ismaskin, pisk opp eggekviden med sukker og ha i maskinen.

Eller frys den i fryseboksen:

Ta massen opp etter cirka 3 timar.

Køyr gjennom maskinen fleire gonger til ønska konsistens.

Pisk eggekviden til marengs med sukkeret og vend inn i sorbeten siste gong du køyrer den gjennom maskinen.

Set tilbake i frysaren og frys til passe konsistens.

KREMA KVANNIS

5 eggeplommer
1/2 dl sukker, 1/2 dl vatn
1/2 vaniljestong
3 dl fløyte

1/2 dl sukker, 1/2 dl vatn
Gin
Frisk kvann

Lag sukkerlake med vaniljestong, kjøl til 75 grader.

Pisk eggeplommer med sukkerlake (hell inn i stråle).

Pisk krem, vend inn.

Kok opp ny sukkerlake, når den er kokt ha i frisk kvann.

Ha i litt gin.

Når dette er avkjølt, fisk opp kvannen og køyr puré av den.

Denne skal blandast inn i isen.

Frys inn under jamnleg omrøring.

Vossakvann vert ein viktig ingrediens når L/L Voss Fellesbryggeri AS startar produksjon av akevitt. Til jul skal den vere klar til og nytast med både smalahove og pinnekjøtt.

– Ideen om å bruke Vossakvann i akevitten fekk me gjennom «VossaMeny», ein organisasjon av produsentar og seljarar av lokalmat. Dei bruker Vossakvann i sin logo. Me ynskjer å bruke lokale produkt så ofte som mogeleg i vår produksjon. Då me fekk positive tilbakemeldingar på at kvann kunne brukast både i akevitt og øl, sa det seg sjølv at dette måtte me få til, seier dagleg leiar Frode Horvik i Voss Fellesbryggeri.

Med seg på laget har han blant anna Stig Bareksten, ein stor kapasitet på området som har lang erfaring med å utvikla akevittar og anna brennevin.

Lokale medspelarar

Som kunde av Vekselbanken gjennom mange år, var det også naturleg å velje lokal bank.

Me ynskjer å bruke det lokale så langt det let seg gjera. Banken var positive til ideen og då var valet vårt enkelt. Det er godt å ha faste kontaktpersonar i samarbeidet vidare, seier Horvik som også set stor pris på støtte frå Næringshagen på Voss, Innovasjon Norge og Næringsfondet i Voss kommune.

Gardbrukarane Knut Arvid Olde og Marit Nordheim Olde på Bordalen skal stå for leveransen av kvann.

Prosessen kan følgjast på Voss Fellesbryggeri si facebookside og på websida www.fellesbryggeriet.no.

Kvannentusiastar

Kokk Johnny Dugstad frå Voss arbeider på restauranten «Bare Vestland» i Bergen. Der serverer dei mat med råvarer frå lokale produsentar. Dugstad får kvann frå leverandørar på Voss og nyttar planta i ei rekkje rettar.

Også matattaché Gunnar Nagell Dahl hjå Fylkesmannen i Hordaland er ein stor kvannentusiast. Dahl har vore på vitjing i Frankrike der dei var særers interessert i Vossakvannen fordi den er mykje søtare og har andre eigenskapar enn den franske planta. Så kanskje kan Vossakvann atter koma til heider og ære som ein eksportartikkel til eit av verdas viktigaste matland?



Stig Bareksten,
Voss Fellesbryggeri.
Foto: Kind

Årsmelding 2015

Banken sitt 117. rekneskapsår

BANKÅRET

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har gleda av å kunna leggja fram rekneskap for 2015, banken sitt 117. rekneskapsår. Inn-teninga frå ordinær bankdrift er tilfredsstillande, andre inntekter er kraftig redusert i forhold til fjoråret, og kostnadane har auka litt meir enn budsjettet for 2015. Etter IFRS-relaterte tilbakeføringar av tidlegare års bokførte nedskrivningar på finansporteføljen syner banken eit totalresultat på 22,1 mill. kr mot 24,7 mill. kr for 2014.

Den store veksten i innskott banken opplevde i 2014 har i løpet av 2015 vorte brukt til å innfri uteståande obligasjonsgjeld utan at nye lån er teken opp. Vidare har stor konkurranse om spesielt bustad-lånekundane ført til at ein ikkje har utlånsvekst i 2015. Den store nedgangen i andre inntekter i 2015 samanlikna med rekordåret 2014 skriv seg frå realisert tap ved avhending av resten av banken sine oljerelaterte obligasjonar, der verdifallet ved årsskiftet i fjor var bokført som nedskrivning over eigenkapitalen.

Etter bokførte netto tap og nedskrivningar på utlån med 0,1 mill. kr og realisert netto tap og nedskrivningar på finansplasseringar på 9,8 mill. kr syner banken eit resultat før skatt på 23,4 mill. kr i år mot 44,4 mill. kr i 2014, ein reduksjon på 21,0 mill. kr. I prosent av gjennomsnittleg råvældekapital utgjør resultatet 0,61% i 2015 mot 1,18% i 2014.

Frå internasjonale og norske styresmakter er det stort fokus på å sikra trygge og solide bankar. Nye krav til kapitaldekning og likviditet er vedteke, som medfører ei innstramming. Praktiseringa av dei skjerpa kapitalkrava er strengare i Noreg enn i andre land i EU, noko me opplever som ulike konkurransevilkår. Rentenivået på bustadlån har siste året vorte kraftig redusert. Dei utanlandske bankane med lågare krav til vekta eigenkapital fører an i rentekampen om bustadlån. Konkurransen om dei beste bustadlåna har vore hard i 2015. Banken sin kapital- og likviditetssituasjon er likevel god. Etter tilførsel av resultatet i år har banken rein kjernekapital på 347 mill. kr eller 17,85%. Netto ansvarleg kapital er 414 mill. kr, som med eit berekningsgrunnlag på 1.945 mill. kr utgjør ei samla kapitaldekning på 21,31%. Ved årsskiftet rapporterer banken ein Liquidity Coverage Ratio (LCR) på 118% godt over vedtekne minstekrav på 80%. Med å ta delar av banken sin framtidige budsjetterte utlånsvekst via Eika Boligkreditt AS, kan banken auka framtidige utbytte til aksjonærane utan at dette svekker kapitaldekninga vår. Utbyttet for 2015 er kr 3,50 pr. aksje, og dette gjev eit utdelingsforhold sett mot årsresultatet på 39,5% mot 28% i 2014.

NORSK OG INTERNASJONAL ØKONOMI

2015 har for norsk økonomi vore eit overgangså – frå oljerikdom til omstilling. Eit år der fall i oljeprisen som starta på hausten 2014 tiltok i styrke mot slutten av 2015. Venta vekst i BNP for 2015 vert truleg ikkje meir enn 1,5%, godt støtta av rause offentlege budsjett og ein ekspansiv pengepolitikk. Denne låge veksten har ført til auke i arbeidsløysa. Målt ved sesongjusterte tall frå NAV er det ved årsskiftet 100 000 personar utan arbeid i landet. Konsumprisveksten har i 2015 vore 2,1% og årslønnsveksten er venta å bli 2,7%. Det kan synast som om me alle går trongare tider i møte.

Sjølv med lågare vekst i BNP, sterkt fallande oljepris og aukande arbeidsløysa er veksten i bustadprisane framleis veldig høg på 7,2% frå 2014 til 2015. Denne veksten er veldig ujamt fordelt med svak utvikling i byar og tettstader der oljenæringa har ei dominerande rolle.

Ved utgangen av året er det stor uvisse om vegen vidare for veksttakta i norsk økonomi. Store overskrifter i avisene om innskrenkingar i oljerelaterte næringar skapar frykt. Ei storstilt omstilling frå oljerelaterte næringar til anna konkurransekraftig næring må koma for at landet vårt skal klara seg gjennom denne utviklinga. Redusert aktivitetsnivå i oljerelaterte næringar kan gje andre næringar tilgang til dyktige ingeniørar. Vona vår er at dette kan skapa grobotn for ny vekst i nye framtidretta sektorar. Flyktningekrisa som breidde om seg i 2015 skapar utfordringar for landet vårt. 30.000 flyktningar kom til Noreg i 2015, og UDI forventar ei dobling av dette talet for 2016. Ein god integreringspolitikk må til for at det store talet på nye landsmenn skal kunna bli skattebetalarar og skapa ny vekst i samfunnet vårt.

Noregs Bank heldt fram med å redusera styringsrenta i 2015. Denne innskotsrenta er halvert sidan desember 2014 og ligg no på 0,75%. Marknaden prisa ved årsskiftet inn ytterlegare reduksjon i styringsrenta i 2016. Kursen på den norske krona målt i handelsvekta termar har i løpet av året svekka seg vidare med omlag 8%. Svekkinga fører til høgare importprisar, men slår positivt ut for den konkurranseutsette eksportindustrien i Noreg. Lokalt er det positivt for turistnæringa ved at utanlandske turistar opplever at dei får meir for pengane sine i Noreg.

Verda rundt oss er prega av gradvis lågare råvareprisar på metall, mat og energi. Råoljeprisen målt ved Brent Blend har falle til under 40 USD pr. fat ved slutten av 2015, og held fram fallet på nyåret. Dette bidreg til dårlegare utsikter for dei råvareproduserande landa som Noreg, men betrar kjøpekrafta til USA, Europa og industri-landa i Asia. Ved nyttårsskiftet er anslaga for BNP-veksten i 2015 for USA på 2,5% og 1,5% for Europa. Slike anslag er rekna som ein normal vekstrate. Veksten i USA var sterk nok til at den

amerikanske sentralbanken kunne heva signalrenta si med eit kvart prosentpoeng mot slutten av året, og dei varslar om nye rentehevingar i 2016. Dette er godt nytt for verdsøkonomien.

I Europa går den europeiske sentralbanken motsett veg, og har senka innskotsrentene sine gjennom året til 0,3%. Forskjellen i rentepolitikken desse landa imellom har ført til ein markert styrking av dollarkursen mot europeisk rekning, og ved utgangen av 2015 kostar ein dollar 8,81 kr mot 7,59 kr ved slutten av 2014. Det framleis låge og fallande rentenivået i Europa, smittar over på oss her heime, og renteprognosane syner fortsatt fall i korte renter framover. Utsikter til lågare vekst og frykt for auke i arbeidsløysa kan føre til ei sjølvforsterkande svekking i folk sitt forbruk framover.

For å stimulera til omstilling og framtidsette investeringar håper vi at styresmaktene vil halde fram den store satsinga på samferdselsprosjekt dei har signalisert. Vedtaket frå samferdselsdepartementet i desember om å gå inn for K5 som løysing for strekninga mellom Bergen og Voss gler oss stort. At departementet alt no vel å signalisera at utbygginga skal skje ved hjelp av statleg plan lover godt, og kan spara samfunnet for mange og lange år med konfliktar mellom involverte kommunar for å verta samde om framtidige trasear. Felles planlegging og bygging av gode samferdselsprosjekt byggjer landet vårt og vil bidra til vidare vekst, investeringar og optimisme i regionen utbygginga skjer. Ei slik felles utbygging av både jernbane og veg, utanfor eksisterande trasear, er etter vårt syn ei kostnadseffektiv god satsing, og me vonar at fylkesmann Lars Sponheim sine tankar om dobling av folketalet på Voss innan 2030 skal slå til. Med ei trygg og raskare reisestrekning til Bergen, og med store område ferdig planlagt for bustad- og næringsareal vil Voss vera ein attraktiv plass for å kunna avlasta Bergensområdet med bustadbygging i rein og fri natur.

VEKSELBANKEN I 2015

Årsoverskotet

Banken sitt årsresultat for 2015 er ein god del mindre enn i rekordåret 2014. Etter skattekostnad på 6,5 mill. kr er resultatet for rekneskapsåret 16,8 mill. kr.

Etter tilbakeføring av tidlegare års nedskrivning på realiserte obligasjonstap ved justering av finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal med verdiendring over eigenkapitalen vert totalresultatet for 2015 22,1 mill. kr mot 24,7 mill. kr i 2014.

Styret rår til at overskotet vert nytta slik:

Utbytte for 2015 (kr 3,50 pr. aksje)	kr 6.650.000
Overført til annan eigenkapital	kr 15.412.990
Sum overføring og disposisjonar	kr 22.062.990

Utbytte på kr 3,50 pr. aksje gjev eit utdelingsforhold mot årsresultatet på 39,5% og 30,0% i forhold til totalresultatet, og gjev ein «dividend/yield-faktor» på 2,92%. Auka utdelingsforhold skriv seg frå den gode utviklinga i banken si kapitaldekning, der rein kjernekapitaldekning ved årsslutt har auka til 17,85% mot 15,52% i 2014. Ved normal årleg vekst framover og normale inntekter frå bankdrifta vil utdelingsforholdet framover kunna halda seg på minimum 30% av totalresultatet utan reduksjon i banken sitt kapitalnivå.

Styret stadfestar at grunnlaget for vidare drift er til stades, og rekneskapskapen er gjort opp under denne føresetnaden. Etter styret si meining gjev årsrekneskapskapen og årsmeldinga rett oversikt over gjelda og eignelutane til banken, den finansielle stillinga og resultatet.

Netto renteinntekter

Banken har netto rente- og kredittprovisjonsinntekter i 2015 på 69,9 mill. kr, ein reduksjon på 5,5 mill. kr frå 2014. Rentenettoen tilsvaret 1,83% av gjennomsnittleg rådveldekapital. Rentemarginen er redusert frå 2,01% i 2014 grunna reduksjon i det generelle rentenivået i marknaden og sterk konkurranse mellom bankane. Ved overføring av større delar av utlånsporteføljen til EBK vert inntekter frå eigne utlån redusert, medan banken sine provisjonsinntekter aukar. Vidare fører plassering av overskotslikviditet i rentefond til at inntekter frå slike vert bokført som utbytte på fondsplasseringar.

Netto provisjonsinntekter

Netto provisjonsinntekter er i 2015 auka med om lag 2,3 mill. kr til 5,5 mill. kr, eller 0,15% av gjennomsnittleg rådveldekapital, noko som er monaleg mindre enn andre bankar ein kan samanlikna seg med. Vekselbanken innførte sommaren 2015 gebyr på manuelle tenester. Innføringa av gebyr har ført til stor auke i bruk av banken sine nettbaserte betalingstenester. Ved auka sal av bustadlån via EBK, forsikringsprodukt, fondssparing og kredittkort vil netto provisjonsinntekter auka i åra som kjem.

Inntekter frå verdipapir og derivat

Banken sin portefølje av obligasjonar og anleggsaksjar er etter IFRS klassifisert som «tilgjengeleg for sal, med verdiregulering over eigenkapitalen». Dette medfører at realisert vinst og tap på desse plasseringane vert ført i resultatrekneskapskapen, medan urealiserte verdiendringar vert ført direkte mot banken sin eigenkapital under posten «andre inntekter og kostnader».


På obligasjonar har banken i år bokført nedskrivningar og realisert tap med samla 9,5 mill. kr mot inntektsføring på 4,6 mill. kr i fjor. Tidlegare bokførte nedskrivningar på obligasjonar som no er realisert med tap er tilbakeført, og fører til inntektsføring av verdiendring på obligasjonar over eigenkapitalen i år med 5,2 mill. kr.

Det samla realiserte tapet på obligasjonar i år på 8,8 mill. kr kjem frå tidlegare års investeringar i obligasjonar i Seabird Exploration og Norwegian Energy Company til ein samla kostpris på 15,6 mill. kr. Ved årsskiftet 2014 – 2015 var desse investeringane bokført til verkeleg verdi på 6,1 mill. kr, ved nedskrivning over eigenkapitalen med 9,5 mill. kr. Realisert tap er ført i resultatrekneskapskapen og tidlegare bokførte nedskrivningar er tilbakeført over eigenkapitalen. Etter sal av desse restpostane har banken ikkje lenger investeringar i oljeretta papir. Bokført marknadverdi av obligasjonsporteføljen ved årsskiftet er 308 mill. kr ein auke på 33 mill. kr i år. Sjå elles note 21 og 22.


I tråd med endringane i strategien har banken ikkje lenger portefølje i enkeltaksjar av noko omfang. Ved årsskiftet var netto bokført verdi på aksjar og eigenkapitalbevis 1,8 mill. kr mot 2,0 mill. kr i fjor. Porteføljen av aksjefond er auka til 8,6 mill. kr mot 6,0 mill. kr i fjor. I rentefond har banken ved årsskiftet plassert 40,0 mill. kr mot 161,0 mill. kr ved utgangen av 2014. På aksjar og rentefond har banken i år samla inntektsført netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar med 1,1 mill. kr, mot 6,7 mill. kr i fjor. Av inntektsføringa i fjor kom 5,5 mill. kr som ekstraordinær realisert vinst ved sal av aksjane i Nets Holding AS.

Banken sin portefølje av anleggsaksjar bokført til verkeleg verdi er ved årsskiftet 42,2 mill. kr.

Sjå elles note 23 til rekneskapskapen.



DRIFTSRESULTAT I % AV GJ.SN. RÅDVELDEKAPITAL



UTLÅNSUTVIKLING

Driftskostnader

Samla driftskostnader syner ein auke i 2015 på 2,8 mill. kr, til 47,1 mill. kr, noko over budsjettet for 2015. I prosent av gjennomsnittleg rådveldkapital er ordinære driftskostnader i 2015 1,23% mot 1,18% i 2014, noko som er tilfredsstillande samanlikna med andre banker på vår storleik.

Utlån

Bedriftskundar vert klassifiserte etter inntening, eigenkapital og verdi av deponert trygd. Privatkundar vert klassifiserte etter inntening og verdi på deponert trygd. Retningslinjer for kredittgjeving krev at risiko skal prisast. Låg risiko vert prisa lågare enn høg risiko.

For fyrste gong på mange år er brutto utlån til kundar i løpet av året redusert. Ved årsskiftet er brutto utlån til kundar 3.175 mill. kr, ein reduksjon på 76 mill. kr i løpet av året. Banken har i tillegg formidla nye lån via Eika Boligkreditt AS (EBK) med totalt 122 mill. kr. Når netto porteføljevækst i EBK i 2015 på 72 mill. kr vert teken med, syner banken ein samla utlånsreduksjon på 3 mill. kr, eller 0,1% i år.

Totalt fordeler brutto utlån seg med om lag 82% på privatkunde-marknaden og 18% på bedriftskundemarknaden. Sjå elles note 6 og 7.

Nedskrivningar på utlån

På grunn av reduksjonen i brutto utlån på eiga bok og nedgang i misleghald er nedskrivningar på utlån og garantiar redusert i 2015.

Banken kostnadsfører i 2015 nedskrivningar på utlån og garantiar med 0,1 mill. kr, mot 4,5 mill. kr i 2014. Konstaterte tap i 2015 utgjør 1,1 mill. kr, mot 1,0 mill. kr i 2014.

Summen av misleghaldne og netto tapsutsette engasjement i prosent av brutto utlån har vorte redusert frå 1,73% til 1,72%. Styret føler seg trygg på at nedskrivningane som er føreteke på utlån er tilstrekkelege, ut frå den risiko som ligg i engasjementa. Banken har ikkje engasjement innanfor petroleumsrelaterte næringer, og banken sine privatkundar er så langt lite råka av innskrenkingar i slike næringer. Samla individuelle nedskrivningar på utlån utgjør 0,94% av brutto utlån, i tillegg utgjør gruppevis nedskrivningar 0,60%.

Nedskrivning for tap vert vurdert når eit engasjement er misleghalde i 30 dagar ved manglande innbetaling, eller når kunden sin økonomiske situasjon tilseier at tap kan påreknast. Banken arbeider kontinuerleg med å unngå tap på utlån. Banken har gjennom året medverka til nyinvesteringar og auka aktivitet i bygda ved tildeling av nye lån, noko som kan føra til nye tap på utlån. For vidare spesifikasjon av tap på utlån og garantiar og banken sine tapsnedskrivningar viser me til note 8 og 9.

Garantiar

Banken har ved årsskiftet eit samla garantiansvar overfor kundar på 91,7 mill. kr. Vidare stiller banken garanti overfor Eika Boligkreditt AS på 13,5 mill. kr i samsvar med standardavtale for eigarbankane i Eika Boligkreditt AS. Garantiar fordelt etter garantitype er spesifisert under note 31.

Innskot

Den store veksten i innskot banken opplevde i 2014 er redusert. Veksten siste året har vore 65 mill. kr, eller 2,3%. Pr. 31.12.15 har banken ei innskotsdekning (innskot i prosent av brutto utlån) på 91,7% av brutto utlån, mot 87,5% på same tid i fjor.

Ved meir av utlånsveksten via EBK vil innskotsprosenten framover auka.

Av samla innskot har berre eit fåtal kundar saldo over 10 mill. kr, og av samla innskot på 2.911 mill. kr, er innskotssaldo på kundar med innskot større enn 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garanti-grense) 567 mill. kr, eller berre om lag 19,5%. Dette syner at banken har god spreiding på innskotsmassen, og er lite utsett for plutslege likviditetsfall. Sjølv med et så lågt rentenivå me har i dag, er me glade for at innskotskundane har slutta opp om banken, og me ser fram til vidare framgang i 2016. Sjå elles note 27.

Likviditet

Banken sin likviditet har vore svært god gjennom heile året. Den store innskotsveksten me opplevde i 2014 førte til at banken kunne innfri uteståande obligasjonsgjeld med 335 mill. kr utan at nye lån vart tekne opp. Banken har ved årsskiftet unyttet kreditt på 75 mill. kr, og har førebels ikkje lånt pengar hjå andre bankar og heller ikkje i Noregs Bank.

Styresmaktene har innført eit minstekrav på 80% for indikatoren Liquidity Coverage Ratio (LCR) frå 31.12.15, stigande til minimum 100% pr. 01.01.2018. Samstundes vil kravet til langsiktig finansiering ved indikatoren Net Stable Funding Ratio vera 100% frå 01.01.18. Vekselbanken er godt på veg til å tilpassa seg desse krava, og rapporterer LCR ved årsskiftet på 118%. Desse nye krava til likviditet frå styresmaktene fører til at banken sin likviditet må plasserast i meir sikre og dermed dårlegare betalte papir framover.

Formidling av lån via EBK vil framover vera ei viktig finansieringskjelde for banken, og ein har som mål at om lag halvparten av årleg vekst i bustadlån skal tilbydast via EBK. Ved EBK sin tilgang til den internasjonale finansmarknaden for «Obligasjonar med Fortrinnsrett» (OMF) skaffar dette Vekselbanken, som deleigar av EBK, rimelegare finansiering enn me sjølv kan oppnå.

Eigenkapitalen

Resultatet for rekneskapsåret styrkjer bokført eigenkapital med 16,8 mill. kr til 360,1 mill. kr.

Eigenkapitaldekninga er auka til 21,31% ved årsskiftet, langt over det lovmessige kravet. Nye og strengare krav til eigenkapitaldekning er vedteke av styresmaktene. Kravet til samla kapitaldekning vil i dei næraste 3 åra stige frå dagens 14,5% til 15,0% for bankar som ikkje er systemkritiske. Rein kjernekapital i prosent av samla kapitalkrav er 17,85% ved årsskiftet. Minstekravet til rein kjernekapitaldekning banken skal ha i løpet av dei neste 3 åra er 11,5%. Då Vekselbanken er ein liten aktør, bør ein minst ha kapitaldekningsprosentar på minimum 1%-poeng over minstekrava. Difor er det viktig at banken aukar eigenkapitalen årleg for å kunna halda fram med vidare vekst i den lokale marknaden. Bankens sin uvekta kjernekapitalandel «Leverage Ratio» etter dei nye reglane er 9,16%. CRD IV/CRR inneheld førebels ikkje krav til nivå på uvekta kjernekapitalandel. Sjå elles note 4.

Rådveldekapitalen

Den store innskotsveksten i 2014 som gjorde banken i stand til å innfri obligasjonsgjeld utan å ta opp nye lån og reduksjon i utlån til kundar, fører til at bankens rådveldekapital er redusert i 2015 med 283 mill. kr eller 7,01%. Samla rådveldekapital ved utgangen av 2015 er 3.752 mill. kr. Reduksjonen i utlån i løpet av året skriv seg i store trekk frå den harde konkurransen i rentemarknaden, og lågare investeringsvilje hjå næringskundane.

Sjølv med den gryande uvissa om den økonomiske situasjonen framover held aktiviteten i Voss og omland seg stadig oppe på eit høgt nivå. Bankens har difor ingen konkrete planar om aktivt å tilby tenester utanfor vårt naturlege marknadsområde. Me held fram satsinga vår på å vera ein menneskeorientert bank, slik at kundar som ynskjer det, lett skal ha tilgang til ein av våre rådgjevarar for råd og rettleiing, samt utføring av alle banktenester.



Gjennom vårt eigarskap i Eika Gruppen, satsar banken saman med dei 73 andre lokalbankane i gruppa stort på den digitale utviklinga. Ny fullverdig Mobilbank med gode løysingar for enkel betaling og lettfatteleg informasjon er godt motteken av mange kundar. Det er gjennom dei siste par åra lagt ned betydelege ressursar i dialog med kundar og ekspertar på å få fram gode kundevenlege løysingar. Dei elektroniske betalingsløysingane våre er enkle og rasjonelle, og største delen av betalingane gjennom banken vår vert no utført av kundane sjølv.

EIKA GRUPPEN - FINANSKONSERNET SOM STYRKJER LOKALBANKEN

Vekselbanken er aksjonær i Eika Gruppen AS og ein av 74 lokalbankar i Eika Alliansen. Eika Gruppen sitt strategiske fundament er å styrkja lokalbankane. Bankane i Eika Gruppen utgjer ei av dei største finansgrupperingane i Noreg, med ein samla rådveldekapital (inkludert Eika Boligkreditt) på meir enn 300 mrd. kr og om lag 1 million kundar.

Lokalbankane, Eika Gruppen og Eika Boligkreditt utgjer Eika Alliansen. Lokalbankane i Eika Alliansen har ein sterk, lokal posisjon med sin nærleik til kundane, og har bidrege til økonomisk utvikling

og tryggleik for privatkundar og lokalt næringsliv i norske lokalsamfunn i snart 200 år. Dei lokale bankane i Eika Alliansen har fullt sjølvstende og styrer sjølv sin eigen strategi og si lokale merkevarer. Lokalbankane sitt viktigaste konkurransefortrinn er nærleik og personleg engasjement for kundane samt inngåande kunnskap om lokalsamfunnet. Lokalbankane i Eika Alliansen er dermed unike og viktige økonomiske bidragsytarar til vekst og utvikling for både privatpersonar og norsk samfunns- og næringsliv. I fyrste rekke gjennom sitt engasjement for lokalsamfunnet og som tilbydar av økonomisk rådgjeving, kreditt- og finansprodukt tilpassa lokalt næringsliv og folk flest. Lokalbankane i Eika Alliansen har



blant landets mest tilfredse kundar både i person- og bedrifts-marknaden. Med 190 bankkontor i 120 kommunar representerer lokalbankane ein viktig aktør i norsk finansnæring og medverkar til verdiskaping i mange norske lokalsamfunn.

Eika Gruppen utgjer finanskonsernet i Eika Alliansen og har som visjon «Vi styrker lokalbanken». Konsernet si kjerneverksemd er tenesteleveransar til lokalbankane og kundane deira. Eika Gruppen utviklar og leverer tenester som støtter opp under stabil og effektiv bankdrift, saman med løysingar og kompetanse som skal sikra vidare vekst og utvikling i bankane, lokalsamfunna og ikkje minst for kundane. Dette inneber at Eika Gruppen konkret leverer komplett plattform for bankinfrastruktur inkludert IT, betalingsformidling og digitale tenester som nett- og mobilbank. Eika Gruppen har eit profesjonalisert prosjekt- og utviklingsmiljø som investerer store ressursar i utvikling av nye digitale løysingar for lokalbankane.

Produktselskapa i Eika Gruppen, Eika Forsikring, Eika Kredittbank, Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmeigling – leverer eit breitt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysingar og kompetansehevande konsept. Utover desse leveransane gjev Eika Gruppen alliansebankane tilgang til kompetanseutvikling gjennom Eika Skolen, verksemdsstyring med Eika ViS, økonomi og rekneskapstenester med Eika Økonomiservice og depot-tenester med Eika Depotservice. I tillegg til desse fellestenestene arbeider Eika Gruppen for medlemsbankane innan område som kommunikasjon, marknad og merkevarer saman med næringspolitikk for å ivareta bankane sine næringspolitiske interesser gjennom dialog med relevante styresmakter.

Eika Boligkreditt (EBK) er direkte eigd av 72 lokalbankar og OBOS. Selskapet sitt hovudføremål er å sikra lokalbankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering. Selskapet har ein råvdeldkapital på om lag 77 milliardar, og er med sin tilgang til den internasjonale marknaden for «Obligasjonar med Fortrinnsrett» (OMF) ei viktig finansieringskjelde for alliansebankane sin bustadlånportefølje.

EIGARTILHØVE

Endringar i lovgjevinga for bank og finansføretak

Styresmaktene har lenge arbeidd med nye banklover, og ny «Lov om finansføretak og finanskonsern». Finansføretakslova vart vedteke gjeldande frå 01.01.16. Den nye lova moderniserer styringssystema i finansføretak ved å ta vekk representantskapet og kontrollnemnda. Den nye lova byggjer i store trekk på allmennaksjelova, og gjev styret meir makt men også større ansvar, og gjev generalforsamlinga ansvar for å velja styret. Nye vedtekter for banken tilpassa ny lov skal vedtakast på generalforsamlinga i 2016, og vil ta til å gjelda frå 01.01.17.

Vedtektene

Banken sine vedtekter § 2-2, 3. ledd har fylgjande reglar om maksimum eigarandel:

«Ingen kan eiga meir enn 10% av aksjekapitalen i banken».

I tillegg har banken sine vedtekter §8-6 fylgjande reglar om røysterett:

«På generalforsamlinga kan ingen røysta for meir enn ein tidel av alle aksjar med røysterett eller gje fleire røyster enn ein femdel av dei røystene som er representerte på generalforsamlinga. Likt med aksjeeigarane sine eigne aksjar skal ein rekna aksjar som er

eigde av personar, selskap eller andre som står i eit slikt forhold til aksjeeigaren som nemnt i finansieringsvirksomhetslova § 2-6.

I tillegg er røysteretten i generalforsamlinga avgrensa slik:

1 – 200 aksjar gjev 1 røyst
201 – 400 aksjar gjev 2 røyster
401 – 800 aksjar gjev 3 røyster
801 – 2 000 aksjar gjev 4 røyster

Fleire enn 2 000 aksjar gjev 5 røyster som er det høgste røystetal nokon kan ha».

Styret i banken held fast på strategien om at banken skal halda fram som ein sjølvstendig bank med spreidd eigarskap og sterk lokal forankring i tråd med tradisjonen i meir enn 117 år.

RISIKOSTYRING

Styret har etablert tilfredsstillande tiltak for risikostyring og fastsett rammer for risikoeksponering. Vedteken risikoprofil er moderat.

Finansiell risiko

Styret har vedteke ein låg risikoprofil for banken sin finansielle risiko. Hovudtype av finansiell risiko ligg i ei renteendring på banken sin obligasjonsportefølje og vesentleg kursnedgang på Oslo Børs. Endringar på verdien av samla renteberande plasseringar må haldast innanfor to prosent av samla portefølje ved ei endring på ein prosent i det generelle rentenivået. Alle verdipapirplasseringar vert rapporterte og gjennomgått på styremøta.

Kredittrisiko

Risikoen for tap på utlån og garantiar vert vurdert som moderat. Overvakinga skjer regelmessig ved gjennomgang av misleghald, overtrekk, økonomioppfølging av kundane, og utvikling av verdien på banken si trygd.

Næringslivsengasjement vert systematisk risikoklassifisert etter mottak av rekneskap. Banken nyttar ein modell der hovudvekta vert lagt på kunden sin rekneskap, eigenkapital og verdi av deponert trygd. Privatengasjement vert vurdert etter gjeldsgrad i høve til samla inntekt og verdi av deponert trygd.

Likviditetsrisiko

Banken sin likviditetsrisiko er låg. Ved årsskiftet utgjer innskota 91,7% av brutto utlån. Banken har ikkje fast rente som standardvilkår korkje på innskot eller utlån, men har i 2015 innført ein ny innskotsstyppe med oppseiingstid på minimum 31 dagar for å stetta kravet til meir langsiktig likviditet. Banken sine verdipapirplasseringar er i det alt vesentlege vurdert som likvide og lett omsettelege.

Valutarisiko

Valutarisikoen til banken er for det meste knytt til verdiendringar på banken si kontantbeholdning av valuta. Den gjennomsnittlege beholdninga gjennom året utgjer om lag 2,1 mill. kr.

FØRETAKSSTYRING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA sitt formål går klart fram i banken sine **vedtekter**.

Banken kan innanfor ramma av den lovgjeving som gjeld til kvar tid, utføra alle forretningar og tenester som det er vanleg eller naturleg at bankar utfører. Banken sitt mål er å fortsetja å vera

ein sjølvstendig, frittstående og velsedd forretningsbank med hovudsete på Voss. Når det gjeld vedtektene sine reglar om største eigarpost og stemmerettsreglar viser me til note 30.

Dei sentrale organa i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA er generalforsamlinga, representantskapet, styret, risiko- og revisjonsutvalet og kontrollnemnda.

GENERALFORSAMLINGA er banken sitt øvste organ. På møtet vert banken sin årsrekneskap, herunder disponering av årsoverskot fastsett. Mellom aksjonærane i banken vert det vald 11 medlemmer og 6 varamedlemmer til representantskapet, 3 medlemmer og 2 varamedlemmer til kontrollnemnda, og det vert vald ei valnemnd med 3 medlemmer som førebur vala til neste ordinære generalforsamling. Godtgjersle til representantskapet sine medlemmer vert fastsett av generalforsamlinga.

I REPRESENTANTSKAPET er det 15 medlemmer, 11 er aksjonærvalde og 4 er valde mellom dei tilsette i banken. Representantskapet fastset retningslinjer for bankverksemda, vel medlem og varamedlem til styret, vel revisor, vel valnemnd, gjer vedtak om skiping/nedlegging av filial og avdelingskontor, fastset godtgjersle til banken sine tillitsmenn, revisor og banksjef.

STYRET er på 5 medlemmer valde av representantskapet. Styret sine medlemmer er valde for 2 år, og maksimal funksjonstid er 12 år. Styret står for forvaltninga av banken og tek avgjerd i større kredittsaker. Det skal syta for tilfredsstillande organisering av verksemda til banken, og herunder sjå til at bokføring og formuesforvaltning er trygt kontrollert. Styret har vedteke at banken skal ha ein moderat risikoprofil. Instruks for styrearbeidet er vedteke, likeins årleg strategidokument med måltal, retningslinjer for internkontroll, utlånsinstruks, plasseringsinstruks for verdipapir kjøpt for banken si rekning – for å nemna dei mest sentrale.

Styremedlemmene er uavhengige i høve til banken si leiing, og storleiken på deira engasjement er ikkje vesentleg for banken. Styret får ikkje godtgjersle utover godkjend honorar. Honorara er ikkje resultatavhengig. Banken har ikkje noko opsjonsordning.

Styret er banken sitt kombinerte **risiko- og revisjonsutval**. Dette utvalet skal klargjera og utdjupa sitt ansvar for rekneskapsrapportering, revisjon, internkontroll og den samla risikostyringa i banken.

KONTROLLNEMNDA har 3 medlemmer valde av generalforsamlinga. Nemnda skal føra tilsyn med bankverksemda og m.a. sjå til at ho er i samsvar med lov, vedtekter og retningslinjer vedteke av representantskapet. Representantskapet vedtek instruks for nemnda sitt arbeid.

REVISOR skal fylgja dei instruksane og påleggja som representantskapet måtte gje, for så vidt dei ikkje strir mot føresegner gjeve i lov eller i samsvar med lov eller mot vedtektene i banken eller god revisjonsskikk. Revisor gjev sine merknader og meldingar gjennom kontrollnemnda til representantskapet. Revisor har årleg gjennomgang med styret og kontrollnemnda om banken sitt interne kontrollarbeid. Revisor har kvartalsvise møter med risiko- og revisjonsutvalet.

BANKSJEFEN har den daglege leiinga av bankverksemda i samsvar med lovgjeving, vedtekter og dei retningslinjer og pålegg som representantskapet og styret gjev. Han har fullmakt til å avgjera alle vanlege bankforretningar etter retningslinjer som styret dreg opp. Han skal førebu alle styresaker og pliktar å retta seg etter dei vedtak styret har gjort, og konferera med styret i viktige saker.

Instruks for banksjef vert fastsett av representantskapet og godkjend av generalforsamlinga.

Eigenkapital

Banken skal ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil. For å kunna auka eigenkapitalen i takt med generell auke i verksemda, vil det vera naudsynt å nytta fleire kjelder. Eigenkapitalen skal styrkjast ved kapitalopplegg over drifta. Gjennom ein tilfredsstillande utbyttepolitikk skal tilhøva leggjast til rette for å auka eigenkapitalen gjennom nyteikningar. Opptak av ansvarleg lånekapital kan vera ei supplerande kjelde.

Transaksjonar med tillitsvalde, tilsette og deira nærstående, vert ført via børs eller til siste kjende børskurs. Styret får melding om desse transaksjonane. Styret har fram til generalforsamling i 2016 fullmakt til å kjøpa inntil 1% av egne utstedte aksjar i banken.

Etikk

Banken har utarbeidd detaljerte etiske retningslinjer. Høg etisk standard er vurdert som viktig for banken sitt omdømme.

Informasjon og kommunikasjon

På banken si internettside vert det publisert finansiell informasjon som finanskalender, kvartals- og årsrekneskap og annan relevant informasjon til aksjonærer, kundar og andre interesserte.

KUNDELOKALA

Banken har hovudkontor i Vangsgata. Lokalet er moderne og vel tilpassa for å ta hand om kundeekspedering og rådgjeving. I 2015 har banken auka antal kontor i fyrste høgda for å betra tilhøva for rådgjevarfunksjon. Tilkomsten til banken er god med si plassering på torget i sentrum. Korttidsparkeringa bakom bankbygget har letta tilkomsten for kundane våre, då omlegginga har ført til større sirkulering av tilgjengelege plassar.

Med Banksmidja, opphavleg ei smidje og i siste runde galleri, har Vekselbanken eit areal som vil gjera det mogeleg å kunne utvida tenestilbodet til kundane. Planar for ombygging av lokalet er førebels lagt på is, og bygget er inntil vidare utleigd.

PENSJONSORDNINGA

Pr 01.01.09 vart pensjonsordninga til dei tilsette i banken omgjort. Alle tilsette som på endringstidspunktet var under 60 år gjekk over til ei innskotsbasert pensjonsordning med maksimale satsar. Samstundes vart det ytt ein lønskompensasjon som vart rekna til å dekkja framtidig tap ved å gå over frå ytingsbasert til innskotsbasert ordning. Tilsette som ved årsskiftet 2008/2009 hadde fylt 60 år, vart ståande i gamal ytingsordning, og ordninga vart lukka for nye medlemmer. Alle dei tilsette som var i denne ordninga er no pensjonistar, og banken har difor overført resten av den ytingsbaserte pensjonsordninga til Storebrand Livsforsikring slik at banken ikkje lenger har kostnader med denne.

Banken sine pensjonsordningar vert handsama i samsvar med Norsk Regnskapsstandard for Pensjonskostnader. For innskotsordninga vert løpande premie kostnadsført.

Dei tilsette er med i Fellesordningen for Avtalefestet Pensjon. Rekneskapsmessig vert denne AFP-ordninga handsama som ei innskotsbasert ordning, med løpande kostnadsføring av betalt premie.

Pensjonsordninga i banken stettar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon. Sjå note 28.

SAMFUNNSANSVAR

Menneskerettar

Vekselbanken støttar og respekterer vern om internasjonalt godkjende menneskerettar, og ser til at verksemda vår ikkje medverkar til brot på desse. Vår styrande dokumentasjon for utøving av samfunnsansvar syner til behovet for å respektere desse grunnleggjande rettane. Dette gjeld våre etiske retningslinjer, retningslinjer for etiske investeringar og stadfesting av våre leverandørar sitt samfunnsansvar.

Bidrag til samfunnet

Vekselbanken støttar frivillige lag, ideelle organisasjonar, kultur og andre samfunnsnyttige føremål i lokalsamfunnet med monalege beløp. I 2015 utgjør denne støtta omlag 2,0 mill. kr. Felles for støtta er at me prioriterer aktivitetar som kan gleda mange, som har verdi over tid, som skapar aktivitet og som inneber ein frivillig innsats.

ARBEIDSTAKARRETTAR OG SOSIALE TILHØVE

Personalet

Ved utgangen av 2015 hadde banken 20 tilsette på heiltid og 2 på deltid. Banken har 21,2 årsverk. Samla lønsutgifter i 2015 utgjorde 14,4 mill. kr. Sjå note 17.

Kompetanseutvikling

Vekselbanken ser på utdanning som ei investering, og har ein kompetanseutviklingsplan som inneber at det vert stilt naudsyste ressursar til disposisjon i form av økonomiske midlar og banken sin kompetanse. Tilsette vert stimulert og motivert til å vidareutvikle seg i sitt arbeid gjennom bl.a. utdanning.

Banken har 13 autoriserte finansielle rådgjevarar. Av desse er 6 i tillegg sertifisert for å selja forsikring, og 2 skal i løpet av våren ta til med forsikringssertifiseringa si. Banken har som mål at flest mogleg av våre kundeforsvarar skal kunna handsama kunden sin trong for både utlån, forsikring og sparing. Dette meiner me er i kunden si interesse, samtidig som det vil vera motiverande for dei tilsette si faglege utvikling og deira høve til å yta kundane endå betre service.

Likestilling og livsfasepolitikk

Vekselbanken legg vekt på å gje kvinner og menn dei same moglegheitene for fagleg og personleg utvikling, lønn og karriere-moglegheiter. Ved utgangen av 2015 har banken 14 kvinner og 8 menn tilsett.

Kvart stillingstrinn i Vekselbanken har lik lønn uansett kjønn, og ein har ikkje ubegrunna lønnsforskjellar mellom kvinner og menn.

Vekselbanken legg vidare vekt på å ha gode ordningar for tilsette i ulike livsfasar i eit langt arbeidsliv i banken. Banken stimulerer og legg til rette for tilsette til å halda fram i fullt arbeid utover 62 år, for at me kan få nytta deira verdfulle erfaring og kompetanse.

I 2015 var det ikkje nokon som gjekk av med alderspensjon, ei heller med uførepensjon. Gjennomsnittleg pensjoneringsalder i 2014 var 68,5 år, og 62 år i 2013. Tal på tilsette som gjekk av med uførepensjon i 2014 var 1 person, og ingen i 2013.

Godtgjering

Vekselbanken praktiserer ikkje system for variabel godtgjering, og det er heller ikkje etablert ordningar for individuell bonus. Dette er eit bevisst val for å sikra at slike ordningar ikkje skal medverka til

overdriven risikotaking, og for å sikra at ein oppnår og opprettheld ei robust kapitaldekning og langsiktig lønsemd. Styret i banken kan likevel vedta at det kan utbetalast ein årleg bonus til alle tilsette basert på oppnådd resultat.

Dialog og rettार

Alle medarbeidarane unnateke øvste leiinga er omfatta av tariff-avtaleverket innan finanssektoren. Vekselbanken erkjenner retten til å organisere seg og retten til å føra kollektive forhandlingar.

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

HMS er viktige element i verksemda sin personalpolitikk, og me arbeider systematisk med å betre arbeidsmiljøet. Banksjef og ass. banksjef har gjennomført HMS kurs for leiarar. Sjukefråværet i 2015 var på 1,22 % ein reduksjon med 4,38 % poeng frå 2014. Av det samla fråværet på 1,22 % utgjør det eigenmelde fråværet 0,62 %.

KLIMA OG MILJØ

Kundar og omdømme

Vekselbanken tilbyr fond i den norske privatmarknaden med kriteria som sikrar det etiske grunnlaget i forvaltninga ved å avstå frå investeringar i selskap som medverkar til brot på menneskerettar, korrupsjon, alvorleg klima- og miljøskade, produksjon av landminer, klasevåpen, atomvåpen og produksjon av tobakk.

Utøving av samfunnsansvar og høg etisk standard ligg til grunn for all utvikling av produkt og tenester i Vekselbanken.

Miljøutslepp

Vekselbanken sin direkte klima- og miljøpåverknad er i hovudsak knytt til eigne klimagass-utslepp og avfall frå kontorverksemda. Banken sin varebil som vert nytta til lokal køyring og andre småoppdrag vart i 2014 bytt ut med ny elektrisk bil.

I våre retningslinjer heiter det at tenestereiser normalt skal føregå med offentleg transportmiddel. Gjennom ny standard PC plattform er det tilrettelagd for auka bruk av nettmøte, nettpat og deling av dokument. Dette reduserer trongen for fysiske møte og reiseverksemd.

Vekselbanken sin indirekte miljøpåverknad skjer gjennom å tilby miljøvenlege produkt og tenester, og ved å påverka kundar og leverandørar til å ta miljøvenlege val. Banken har også bidrege til finansiering av fleire minikraftverk og biovarmesentralar i vårt marknadsområde.

Vekselbanken tilbyr stadig fleire papirlause tenester som reduserer belastninga på miljøet. Gjennom at alle kundar med nettbank har BankID, mogleggjer dette fleire papirlause prosessar mellom kunden og banken. Det vert konkret jobba med å kunne tilby elektronisk signering av lånedokument, og ordninga med elektronisk tinglysning som vart teken i bruk i 2013 fungerer godt.

Klimautfordringar lokalt, og kamp for ny veg og bane

Under storflaumen hausten 2014 fekk me verkeleg sjå kva dei nye klimaendringane vi står overfor kan føra med seg. Lokale og sentrale styresmakter har byrja arbeidet med nye flaumsonekart, noko som fører til endra vilkår for utbygging i eksisterande lågtliggjande område. Store investeringar må til framover for å løysa utfordringane me har, og me vonar dette arbeidet finn ei god løysing.

Klimaendringane vi har opplevd fører til meir ekstremnedbør, og flaumen hausten 2015 sigaliserer at dette kan verta eit årleg

fenomen me må leva med. Ein av konsekvensane har vore at strekningane både mot vest og aust har vore stengd på grunn av ras og rasfare altfor mange gonger. Som vi har peikt på før har Voss i fleire periodar på det næraste vore heilt avstengd frå resten av Noreg. Dette kan ein ikkje leva med lenger.

Kamp mot korrupsjon

I Vekselbanken har me høg beredskap for å avdekka og kjempa mot organisert kriminalitet, og enkeltindivid sine forsøk på økonomisk vinning gjennom kriminelle handlingar.

Kvitvasking

Vekselbanken er underlagd styresmaktene sitt kvitvaskingsregelverk som skal bidra til å kjempa mot kvitvasking og terrorfinansiering. Blant anna er banken pålagt å utgreie alle mistenkelege transaksjonar, såkalla forsterka kundekontroll. I 2015 er det ikkje rapportert mistenkelege transaksjonar. Det er utvikla eigen rutine for anti-kvitvasking i banken.

VISJON OG FORRETNINGSIDE

Vekselbanken sin visjon er å vera ein god medspelar. Banken skal tilby dei produkta og tenestene som kundane våre etterspør. Vår strategi er å vera framtidsretta med sunn vekst samstundes som me er forankra i sjølvstende, soliditet og kvalitet. Kjerneverdiane våre, Vilje, Etikk, Kompetanse, Service og Tryggleik, vert samanfatta i ordet V E K S T.

Vekselbanken skal vera det rette valet for kundar i vårt marknadsområde, som er Voss og ikring liggjande bygder, men òg vidare når dette er naturleg.

EIN GOD MEDSPELAR

I 2015, som tidlegare år, har banken støtta opp om det yrande lags- og organisasjonslivet i bygda vår. Mange idretts- og kulturbygg er bygd og vedlikehalde med hjelp frå oss. Voss er ei god arrangørbyggd, og anlegga vil koma heile bygda og tilreisande til gode i mange år framover.

Vekselbanken er og skal vera ein god medspelar for lags- og kulturlivet i bygda vår. Vår støtte og vårt engasjement strekkjer seg ikkje berre til dei store og prestisjetunge arrangementa. I løpet av året støttar me dagleg store og små hendingar. Som eksempel på aktivitetar banken gav si støtte til i 2015 kan nemnast: Vossa Jazz sin «SuperJazz», eit tilbod til menneske med nedsette funksjonsevner. Vossakyrkjemessa og sommarkonsertane i Vangskyrkja. «Opptur», eit arrangement for 8. klassingar i regi av Voss Utferdslag. Songkoret Bygdaklang sin jubileumskonsert og BalkanfestEvanger som no vert arrangert annakvart år. I samband med julegateopninga sponsa banken gratis kinoframsyning for born. Me har støtta Borstrondi Skyttarlag, Hoppbakken i Bavallen, og gjeve midlar til Bjørgatun Vel for kjøp av bingoutstyr. Banken støttar årleg Osafestivalen, Fossegrimen og fleire idrottslag.

Voss kunstlag i samarbeid med Norske kunstforeningar arrangerte siste veka i mai 2015 ein nasjonal kunsthøst, og denne vart kalla «Agalaus». Som ein av sponsorane til arrangementet var Vekselbanken delaktig, og opna blant anna banken på kveldstid for Linda Eide sin «kunsthøst». Mange spesielle uttrykk vart presentert i ulike settingar rundt i Vossabygda, noko eit lokalt og tilreisande publikum sette stor pris på. Ynskjemålet var å setja Voss på kartet som ei moderne og modig kunstbyggd.

Voss Aktivitetspark har fått stønad til utvikling av forprosjekt for aktivitetsparken ved Vangsvatnet.

Banken har tidlegare signalisert stønad til bygging av Vossabadet. Sjølv om planane for anlegget har mätta endrast på grunn av endra byggekrav i flaumsona, står Vekselbanken sitt bidrag fast, og me håper bygging av badeanlegget kjem i gang i løpet av 2016. Styret i banken har tildelt Voss Bygdeboknemnd ein stønad på kr 100.000 årleg i 5 år. Dei starta i 2015 arbeidet med ei oppdatert gards- og ættesoge for den delen av Voss Kommune som tilhøyrde gamle Voss Kommune.

Vekselbanken har sidan etableringa vore medlem og aksjonær i Destinasjon Voss AS. Vi er stolt medlem i Vossa Jazz-lauget, den største sponsoren til Vossa Jazz. Også vårt samarbeid med Voss Kunstlag og Vossa Jazz med årleg kunststipend held fram. Banken har i tillegg gjennom året gjeve lysingsstønad til mange små og store hendingar i bygda.

Som ei vidareføring av stønaden vår til utbygging av Voss ski- og tursenter AS sitt anlegg i Herresåsen har banken inngått ein langsiktig sponsoravtale med stønad til vidare drift av anlegget. Anlegget i Herresåsen framstår som særskilt attraktivt både som trenings- og konkurransearena. Me vonar anlegget vert godt utnytta framover, noko som vil trekkja endå meir folk til bygda vår.

Utøvarar innan idrett og kultur er gode ambassadørar for Vossabygda og set Voss på kartet både nasjonalt og internasjonalt. Me gratulerer alle med gode prestasjonar og er stolte av at bygda fostrar så mange dyktige utøvarar. Me vonar støtta vår er med på å styrkja rekrutteringa.

Festivalar, idrettsarrangement og andre aktivitetar som bygda vår har vorte så kjend for, trekkjer store mengder tilreisande til Voss. Dette nyt me alle godt av, og det har mykje å seia for det lokale næringslivet. Alle dei tilreisande fører til at me kan ha eit svært godt utval på butikkane både i sentrum og ute i bygdene. Me håper at dei lokale styresmaktene held fram med å støtta denne utviklinga, slik at Voss framleis vil vera ein god plass å bu både for lokalbefolkninga, men og for dei mange tilreisande som tykkjer Voss er ein kjempeløst plass å vera.

UTSIKTENE FOR 2016

Aktiviteten i Voss og omland held seg stadig oppe på eit høgt nivå. Reiselivet har hatt ein fin vekst i 2015, og Voss har framleis ein god posisjon som handelssentrum i Indre Hordaland. Hardangerbrua har korta ned reisetida i området monaleg, og styrkjer Voss som regionsenter. Me vonar framleis at planane om ny trasse på E 16 frå Lundarosen til grensa mot Sogn vert ein snarleg realitet, og at planane for Ringeriksbanen vert meir enn berre nye planar.

Ei eventuell samanslåing av Vik, Aurland og Voss i ein ny storkommune for indre stork, vil styrka det nye regionsenteret på mange område med god infrastruktur, utvida handel og kostnadseffektive offentlege tenester. Spenstige planar som gjer heile «indre stork» sterkare. Det er ope for fleire å slutta seg til denne strukturendringa.

Me kan vera stolte av at så mange utanbygds folk er interessert i å investera i fritidseigedom i bygda. Store fylkeskommunale og kommunale investeringar i nye skulebygg gjev godt med arbeid og høg aktivitet i bygda vår. Omstillinga som styresmaktene seier me må gjennom, frå oljerelatert til nye vekstkraftige næringar, nemner spesielt satsing på reiseliv som viktig framover. Her ligg

mykje til rette for at Voss med vår unike plassering blant fjord og fjell skal kunna ta del i denne utviklinga.

Planane for ny gondolbane til Hanguren og nye Voss stasjon som samlande trafikk-knutepunkt ser spanande ut. Ei fortetting av sentrumsområdet med bustadbygging i fleire høgder vil igjen skapa liv og røre på Vangen, og leggja til rette for at sentrumsområdet vert ein flott og god «bygdeby» med småbutikkar, aktivitetar og liv langt utover kveldane. Banken har difor engasjert seg i satsinga Voss Resort er i gang med for å få realisert ny Hangursbane. Me vonar at dei storstilte planane om ny skysstasjon med direkte overgang til gondolbane og stor utbygging av ny hotellkapasitet kjem i gang alt i løpet av sommaren 2016.

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden. Konkurransen i rentemarknaden er hard. Det store fallet i rentemargin banken opplevde i 1. kvartal har stabilisert seg, og rentemarginen etter 4. kvartal er auka til 1,83% frå 1,64% i fyrste kvartal. Renteendringar og innføring av gebyr frå

midten av 2015 på manuelle betalingstenester har styrkt banken si inntening. Formidling av nye lån via Eika Boligkreditt og utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt, vil styrkja banken sitt inntektsgrunnlag framover. Styret håper optimismen som er skapt ved valet av K5 som utbyggingsløyising for strekninga Voss – Bergen vil føra med seg vidare positiv utvikling i bygda med vekst i folketal, ny bustadbygging og vilje til nyinvesteringar i lokalt næringsliv.

Banken kjenner ikkje til faktorar etter rekneskapsåret sin utgang som er viktig for vurderinga av banken si stilling.

AVSLUTNING

Styret nyttar høvet til å takka alle kundar og aksjonærar for godt og hyggeleg samarbeid i 2015. Styret takkar òg alle tillitsvalde for deira innsats for banken, og ikkje minst dei tilsette i banken for god innsats og godt samarbeid i 2015.


Voss, 16. februar 2016
Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Jorunn Lødemel
STYREFORMANN


Stein Kvarekvål


Nils T. Ringheim


Olav Seim


Johanna Sølvsberg


Einar Larsen
BANKSJEF



REKNESKAP & NOTAR 2015

2015

Fakta

21,2

ÅRSVERK I VEKSELBANKEN

1 221

TRANSAKSJONAR

Vekselbanken
behandlar i snitt
1 221 transaksjonar
i løpet av ein dag



80%

av kundane våre
nyttar Nettbanken
eller Mobilbanken.

22,5 år

SNITT ANSIENNITET FOR ALLE TILSETTE

200

kundar er innom
Vekselbanken i snitt
i løpet av ein dag




EDVARD MUNCH

Banken har to Munch-originalar
i si eige; raderinga «Den døde
moren og barnet» og litografien
«Avskjed etter selskapet».

37%

av Vekselbaken sine
kundar bur ikkje i
Voss kommune



160

JOLANISSAR PYNTAR
VEKSELBANKEN
MED TIL JOL



Nøkkeltal

Utvikling siste 12 måneder	2015	2014
- Rådveldekapital	-7,01%	13,94%
- Utlån brutto eige bok	-2,34%	6,04%
- Utlån brutto inkl. EBK	-0,09%	10,52%
- Innskot	2,29%	21,04%
Kapitaldekning	21,31%	19,47%
Kjernekapital	19,11%	17,12%
Rein kjernekapital	17,85%	15,52%
Resultat før skatt i % av gj. snittleg rådveldekapital	0,61%	1,18%
Eigenkapitalrentabilitet før skatt	6,60%	13,16%
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	4,75%	10,05%
Kostnader i % av totale inntekter	0,67%	0,48%
Kostnader i % av totale inntekter ekskl. kursgev./-tap	0,58%	0,55%
Gjennomsnittleg rådveldekapital (mill. kr.)	3 829	3 756
Mislegaldne engasjement i % av brutto utlån	0,49%	0,46%
Tapsutsette engasjement i % av brutto utlån	1,72%	1,74%
Tal årsverk	21,2	21,8

Aksje

Børskurs	120,00	119,00
Børsverdi (mill. kr)	228,00	226,10
Bokført egenkapital pr. aksje	189,51	183,12
Resultat pr. aksje	9,06	17,86
Utbytte pr. aksje	3,50	5,00
Pris/Resultat pr. aksje	13,25	6,66
Pris/Bokført egenkapital	0,63	0,65

Resultatrekneskap

Alle tal i NOK 1 000

	NOTE	2015	2014
Renteinntekter og liknande inntekter	15	128 907	156 305
Rentekostnader og liknande kostnader	15	59 020	80 882
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		69 887	75 423
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning		1 449	2 063
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	16	9 165	6 897
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		-3 632	-3 630
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	16	-6 541	12 375
Andre driftsinntekter		188	97
Sum andre inntekter		629	17 802
Sum netto inntekter		70 516	93 225
Personalkostnader	17	18 953	19 756
Administrasjonskostnader	17	16 741	13 112
Ordinære avskrivningar	25	6 977	6 928
Andre driftskostnader	18	4 424	4 514
Sum kostnader		47 095	44 310
Resultat før tap		23 421	48 915
Tap på utlån, garantiar m.v.	9	77	4 508
Vinst / tap /nedskrivning på verdipapir som er anleggsmidlar		0	0
Netto tap og nedskrivning		77	4 508
Resultat før skatt		23 344	44 407
Skatt på ordinært resultat	19	6 547	10 482
Resultat for rekneskapsåret		16 797	33 925
ANDRE INNTEKTER OG KOSTNADER			
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	22	7 257	-12 489
Endring utsett skatt finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	19	-1 991	3 271
Andre inntekter og kostnader		5 266	-9 218
Totalresultat		22 063	24 707

Balanse

Alle tal i NOK 1 000

EIGNELUTAR	NOTE	31.12.15	31.12.14
Kontantar og fordringar på sentralbankar		76 637	71 388
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		93 817	222 017
Utlån til og fordringar på kundar	6, 7	3 175 506	3 251 593
- Nedskrivningar på individuelle utlån	8, 9	-29 787	-30 703
- Nedskrivningar på grupper av utlån	8, 9	-19 076	-19 076
Netto utlån og fordringar på kundar		3 126 643	3 201 814
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	22	307 966	275 298
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	23	92 665	202 035
Immaterielle eignelutar	25	7 998	11 998
Finansielle derivat	24	5 198	5 781
Varige driftsmidler	25	33 551	35 703
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	26	7 034	8 210
SUM EIGNELUTAR		3 751 509	4 034 244
GJELD OG EIGENKAPITAL			
GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	27	2 910 521	2 845 313
Gjeld ved utskrivning av verdipapir	27	377 210	713 258
Finansielle derivat		0	0
Anna gjeld		13 156	23 848
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter		7 665	9 797
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	28	4 744	3 382
Ansvarleg lånekapital	29	78 159	90 768
Sum gjeld		3 391 455	3 686 366
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital (1 900 000 aksjar à kr 5,-)	30	9 500	9 500
- Eigne aksjar		-43	-11
Sum innskoten eigenkapital		9 457	9 489
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	30	350 597	338 389
Sum opptent eigenkapital		350 597	338 389
Sum eigenkapital	30	360 054	347 878
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		3 751 509	4 034 244
Garantiar	31	105 362	122 846
Pantsetjingar		111 057	102 778

Voss, 16. februar 2016
Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Jorunn Lødemel
STYREFORMANN

Olav Seim

Stein Kvarekvål

Johanna Sølvberg

Nils T. Ringheim

Einar Larsen
BANKSJEF

Endring i egenkapitalen

Alle tal i NOK 1 000

	Aksje- kapital	Eigne aksjar	Fond for urealiserte vinstar	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr. 31.12.13	9 500	- 19	19 594	299 070	328 145
Resultat i perioden	0	0	0	33 925	33 925
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	0	0	-9 218	0	-9 218
Totalresultat for perioden	0	0	-9 218	33 925	24 707
Endring egne aksjar	0	8	0	53	61
Utbetalt utbytte	0	0	0	-5 035	-5 035
Sum eigenkapital pr. 31.12.14	9 500	- 11	10 376	328 013	347 878
Resultat i perioden	0	0	0	16 797	16 797
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	0	0	5 266	0	5 266
Totalresultat for perioden	0	0	5 266	16 797	22 063
Endring egne aksjar	0	- 32	0	- 355	- 387
Utbetalt utbytte	0	0	0	-9 500	-9 500
Sum eigenkapital pr. 31.12.15	9 500	- 43	15 642	334 955	360 054

Annan eigenkapital pr 01.01.2015	328 013
Utbytte for 2014 utbetalt i 2015	-9 500
Verdiendring egne aksjar	- 355
Netto disponering av årets resultat	10 147
Foreslått utbytte for 2015	6 650
Annan eigenkapital pr. 31.12.15	334 955

KJØP / SAL AV EIGNE AKSJAR

Styret i banken fekk i generalforsamlinga 22.04.15 fylgjande fullmakt: «Generalforsamlinga i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA fornyar hermed styret si fullmakt til å kjøpa egne aksjar i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA med pålydande inntil kr 95.000,- fordelt på 19.000 aksjar, tilsvarande 1% av aksjekapitalen. Det lægste og høgste beløp som kan betalast for aksjane skal vera høgvesvis kr 90,- og kr 175,-. Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank

ASA står fritt innanfor denne fullmakta til å kjøpa og selja aksjar på den måten styret finn best. Fullmakta er gyldig fram til neste ordinære generalforsamling.» Bakgrunnen for styret sitt ynske er at dei ved ei slik fullmakt gjev administrasjonen høve til å kunna hjelpa kundar til å få omsett småpostar av aksjar. Ein ynskjer óg å stimulera tilsette til å kjøpa aksjar i banken. Fullmakta gjeld eitt år, fram til neste generalforsamling.

	ANTAL	SNITTKURS	VERDI
Eigne aksjar pr. 01.01.15	2 108	148,96	314
Kjøpte aksjar i år	16 400	121,10	1 987
Selde aksjar i år	9 899	128,48	1 272
Eigne aksjar pr. 31.12.15	8 609	119,53	1 029

Kontantstrømoppstilling

Alle tal i NOK 1 000

	2015	2014	2013
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalinger	144 222	156 538	158 796
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalinger	-65 264	-84 697	-80 436
Andre innbetalinger	2 359	5 268	2 504
Driftsutbetalinger	-40 023	-34 760	-36 596
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	84	35	86
Utbetalt utbytte	-9 500	-5 035	-4 275
Betalte skattar	-9 343	-7 719	-7 705
Tilført frå verksemda	22 535	29 630	32 374
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	75 009	-186 203	-217 024
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	65 208	494 564	112 346
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	1
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	-336 048	-28 266	29 947
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	-648	132	-59
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	84 140	-159 271	-8 578
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	-12 473	6 517	-4 250
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	-10 000	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	-713	213	-83
Netto kontantstrøm frå dagleg finansiell verksemd	-135 525	127 686	-87 701
Investert i varige driftsmidlar	-825	-767	-4 581
Investert i immaterielle eignelutar	0	0	0
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	3	301
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	-9 136	2 559	2 560
Netto kontantstrøm frå investeringar	-9 961	1 795	-1 720
Netto endring likvidar	-122 951	159 111	-57 047
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	293 405	134 294	191 341
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt	170 454	293 405	134 294
LIKVIDITETSBEHALDNING VED PERIODESLUTT BESTÅR AV:			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	76 637	71 388	102 942
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	93 817	222 017	31 352
Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt	170 454	293 405	134 294

NOTAR

- NOTE 1 Generell informasjon
- NOTE 2 Rekneskapsprinsipp
- NOTE 3 Bruk av estimat og skjønsmessige vurderingar
- NOTE 4 Kapitalstyring og kapitaldekning
- NOTE 5 Risikostyring

KREDITTRISIKO

- NOTE 6 Kredittrisiko
- NOTE 7 Utlån og garantiar fordelt på marknader
- NOTE 8 Totalt misleghaldne og andre tapsmerka engasjement
- NOTE 9 Nedskrivningar og tap på utlån og garantiar

LIKVIDITETSRISIKO

- NOTE 10 Likviditetsrisiko

MARKNADSRISIKO

- NOTE 11 Renterisiko
- NOTE 12 Valutarisiko
- NOTE 13 Kursrisiko
- NOTE 14 Renterisiko i utlånsporteføljen

RESULTATREKNESKAP

- NOTE 15 Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter
- NOTE 16 Andre inntekter
- NOTE 17 Løn og generelle administrasjonskostnader
- NOTE 18 Andre driftskostnader
- NOTE 19 Skatt på ordinært resultat

BALANSE

- NOTE 20 Kategoriar av finansielle instrument
- NOTE 21 Verkeleg verdi på finansielle instrument
- NOTE 22 Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning
- NOTE 23 Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning
- NOTE 24 Finansielle derivat
- NOTE 25 Varige driftsmidlar
- NOTE 26 Forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader og opptente, ikkje mottekne inntekter
- NOTE 27 Innskot frå og gjeld til kundar og kredittinstitusjonar
- NOTE 28 Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar
- NOTE 29 Ansvarleg lånekapital
- NOTE 30 Eigenkapital
- NOTE 31 Garantiar
- NOTE 32 Resultat og utbytte pr. aksje
- NOTE 33 Hendingar etter balansedagen
- NOTE 34 Transaksjonar med nærstående partar

NOTE 1 | Generell informasjon

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA (Vekselbanken) er eit norsk allmennaksjeselskap notert på Oslo Børs. Vekselbanken tilbyr banktenester og forsikringsprodukt for person- og bedriftsmarknaden

i Noreg, med fokus på banken sin nærmarknad på Voss og ikringliggjande kommunar. Banken sitt hovudkontor har besøksadresse Vangsgata 24 på Voss.

NOTE 2 | Rekneskapsprinsipp

GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV REKNESKAPEN

Banken legg fram rekneskap i samsvar med IFRS (International Reporting Standards) som er godkjent av EU, og er obligatorisk for årsrekneskap som vert lagt fram etter 01.01.2011. Tilleggskrav til notar som følgjer av lov og forskrift for norske bankar er det teke omsyn til. Rekneskapen er basert på historisk kost prinsippet med unntak av: bankbygget, finansielle eignelutar tilgjengelege for sal og finansielle eignelutar og skyldnader (medrekna derivat) vurdert til verkeleg verdi over resultatet.

SEGMENTINFORMASJON

IFRS 8 definerer segment som «virksomhetsområder hvor det foreligger egen finansiell rapportering, og hvor driftsresultatet gjennomgås av foretakets øverste beslutningstaker». Banken si verksemd vert driven frå banken sine lokale i Voss sentrum. Fordeling av utlån vert rapportert i kategoriane personmarknad og bedriftsmarknad. Det ligg ikkje føre separat finansiell rapportering ut over denne fordelinga av utlån. Banken består dermed av eit segment, og det vert difor ikkje gitt informasjon på fleire segmentnivå.

INNETKTSFØRING

Renteinntekter vert inntektsført ved bruk av effektiv rentemetode. Dette inneber løpande inntektsføring av renter. Den effektive renta vert fastsett ved diskontering av kontraktfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, samt eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid.

Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode vert nytta for balansepostar som vert vurdert til amortisert kost. For renteberande balansepostar som vert vurdert til verkeleg verdi over resultatet vert den nominelle renta løpande inntektsført, mens verdiendringar vert rekneskapsført ved periodeslutt. Renteinntekter på nedskrivne engasjement vert rekna som effektiv rente av nedskrive verdi.

Renteinntekter på finansielle instrument klassifisert som utlån er inkludert i linja for netto renteinntekter.

Gebyr og provisjonar vert resultatført etter kvart som tenesta vert ytt. Gebyr for etablering av låneavtalar inngår i kontantstraumane og vert inntektsført under netto renteinntekter etter effektiv rentemetode. Gebyr som vert teke i mot i samband med finansielle garantiar vert resultatført over garantiperioden. I andre

driftsinntekter inngår blant anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester. Resultatføringa skjer når tenestene vert levert.

Utbytte frå investeringar vert resultatført når utbyttet vert motteke.

FINANSIELLE INSTRUMENT

Finansielle instrument vert klassifisert i ein av fylgjande kategoriar:

- til verkeleg verdi over resultatet
- tilgjengeleg for sal
- utlån og fordringar
- finansielle skyldnader til amortisert kost

Innrekning og frårekning

Finansielle eignelutar og skyldnader vert innrekna når banken blir part i instrumentet sine kontraktmessige vilkår. Fyrstegongs innrekning er til verkeleg verdi, i tillegg til, for instrument som ikkje er derivat eller vert målt til verkeleg verdi over resultatet, transaksjonskostnader som er direkte knytt til anskaffinga eller utskrivninga av den finansielle eigneluten eller den finansielle skyldnaden. Etter fyrstegongs innrekning vert instrumenta målt som vist nedanfor.

Finansielle eignelutar vert frårekna når dei kontraktmessige rettane til kontantstraumar frå dei finansielle eignelutane går ut, eller når føretaket overfører den finansielle eigneluten i ein transaksjon der all eller tilnærma all risiko og innteningsevne knytt til eigarskap av eigneluten vert overført. Ved tilbakekjøp av egne obligasjonar vert dei tilbakekjøpte obligasjonane frårekna med resultatføring av skilnaden mellom vederlaget og bokført beløp av tilbakekjøpt obligasjon.

Finansielle eignelutar og skyldnader til verkeleg verdi over resultatet

Finansielle eignelutar og skyldnader vert klassifisert som til verkeleg verdi over resultatet dersom dei vert haldne for omsetning eller vert øyremerka til dette ved fyrstegongs innrekning. Alle finansielle eignelutar og skyldnader kan øyremerkast til verkeleg verdi over resultatet dersom:

- klassifiseringa reduserer ein mismatch i måling eller innrekning som elles ville ha oppstått som fylgje av ulike reglar for måling av eignelutar og skyldnader

- dei finansielle eignelutane inngår i ein portefølje som løpande vert målt og rapportert til verkeleg verdi
- dei har vesentlege innebygde derivat som kan måtte separerast dersom instrumentet ikkje vert rekneskapsført til verkeleg verdi over resultatet

Banken har ein investeringsportefølje som er øyremerka til verkeleg verdi ved fyrstegongs innrekning, og som løpande vert styrt og målt til verkeleg verdi. Dette er i tråd med styret sin godkjende risiko- og investeringsstrategi og informasjon basert på verkeleg verdi vert regelmessig rapportert til banken si leiing og styret.

Transaksjonsutgifter vert innrekna i resultatet når dei kjem til. Finansielle eignelutar til verkeleg verdi over resultatet vert målt til verkeleg verdi på rapporteringstidspunktet. Endringar i verkeleg verdi vert innrekna i resultatet.

I kategorien til verkelig verdi over resultatet inngår klassane aksjar og andelar, og derivat.

Derivat

Derivat vert balanseført til verkeleg verdi når derivatkontrakta vert gjort, og vert seinare ført til løpande verkeleg verdi. Derivat i balansen er berre rentebytteavtalar (renteswapper). Realisert vinst/tap og endringar i estimerte verdiar på derivat vert teke med i rekneskapan under «netto vinst/tap på finansielle instrument» i den perioden dei oppstår.

Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal

Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal er ikkje-derivative finansielle eignelutar som er kjøpt inn for eit anna formål enn trading, og som ved fyrstegongs innrekning vert plassert i denne kategorien, eller ikkje vert plassert i nokon anna kategori. Etter fyrstegongs innrekning vert den finansielle eigneluten i denne kategorien målt til verkeleg verdi, og vinst eller tap vert rekna med i «andre inntekter og kostnader», med unntak av tap ved verdifall. Når det ligg føre objektive bevis på at ein finansiell eignelut klassifisert som tilgjengeleg for sal har falle i verdi, vert verdifallet omklassifisert frå «andre inntekter og kostnader» over til resultat.

I denne kategorien inngår enkelte langsiktige og strategiske investeringar i aksjar og investeringar i renteberande obligasjonar.

Sikringsbokføring

Vekselbanken nyttar ikkje sikringsbokføring. I staden er alle sikringsforretningar og sikra postar klassifisert som finansielle instrument til verkeleg verdi over resultat.

Presentasjon av resultatpostar knytt til finansielle eignelutar og skyldnader til verkeleg verdi

Realisert vinst/tap samt endringar i estimerte verdiar på finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet, inkludert utbytte, vert teke med i rekneskapan under «netto vinst/tap på finansielle instrument» i den perioden dei oppstår. Verdiendringar på finansielle instrument klassifisert som tilgjengeleg for sal vert ført mot «andre inntekter og kostnader». Når finansielle instrument klassifisert som tilgjengeleg for sal vert seld eller vert nedskrive, vert samla verdiregulering som er ført mot «andre inntekter og kostnader» overført til resultatet som vinst/tap frå investeringar i finansielle instrument. Utbytte på aksjar klassifisert som tilgjengeleg for sal vert ført over resultatet når banken sin rett til utbytte er slått fast.

Utlån og fordringar

Utlån og fordringar er finansielle eignelutar med betalingar som er faste eller let seg fastsetja og som ikkje er notert i ein aktiv marknad. Utlån og fordringar vert rekneskapsført til verkeleg verdi med tillegg av direkte marginale transaksjonskostnader ved fyrstegongs innrekning.

I periodar etter fyrste måling vert utlån verdivurdert til verkeleg verdi etter effektiv rentemetode i samsvar med IAS 39, og eventuelt frådrag for estimert tap som eit uttrykk for verkeleg verdi på utlånet. Om det ligg føre objektive bevis for verdifall for enkelte utlån eller grupper av utlån, vert låna nedskrivne. Nedskrivingsbeløpet vert rekna som forskjellen mellom balanseført verdi og noverdien av estimerte framtidige kontantstraumar neddiskontert med lånet si effektive rente. Den effektive renta som vert nytta for neddiskontering, vert ikkje justert i tråd med endring i lånet sin kredittrisiko og vilkår. Nedskrivning er klassifisert som tap på utlån. Renteinntekter vert resultatført etter effektiv rentemetode.

Objektive bevis for verdifall for individuelle utlån inkluderer blant anna:

- vesentlege finansielle problem hjå debitor
- betalingsmisleghald eller andre vesentlege brot på kontrakt
- innvilga utsetting med betaling eller ny kreditt til betaling av termin, avtalte endringar i rentesats eller i andre avtalevilkår som tek utgangspunkt i finansielle problem hjå debitor
- det vert sett på som sannsynleg at debitor vil starta opp gjeldsforhandling, anna finansiell restrukturering eller at debitor sitt bu vert teke under konkurshandsaming

Utlån som ikkje har vore gjenstand for individuelle vurderingar for verdifall, vert vurdert samla i grupper. Utlån som er individuelt vurdert utan at nedskrivning har vorte føreteke, vert òg vurdert i grupper. Gruppene er definert som utlån der risiko og verdi er likt basert ut frå inndeling av kundane etter hovudnæringar og risikoklasse.

På grupper av utlån skriv ein ned for verdifall dersom det ligg føre objektive bevis som:

- det skjer dramatiske endringar i marknaden for ein risikoklasse der banken har grupper av utlån
- det skjer vesentlege endringar i rammevilkåra som utan tvil får praktiske konsekvensar for ei gruppe av lånekundar
- ei gruppe av låntakarar utan tvil ikkje er i stand til å følge opp naudsynte fornyingar og investeringar
- ei gruppe av låntakarar vert utsett for hendingar som gjev varig og vesentleg reduksjon av betenings-evna (eks. hjørnesteinsbedrift med mange middelaldrande arbeidstakarar går konkurs)
- negative endringar i betalingshistorikk for låntakarane i gruppa
- nasjonale eller lokale økonomiske forhold som står i samband med misleghald av utlåna i gruppa

Finansielle skyldnader til amortisert kost

Finansielle skyldnader vert målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. Der tida fram til forfall for den finansielle skyldnaden er relativt kort vert den nominelle renta nytta ved rekning av amortisert kost.

I kategorien finansielle skyldnader til amortisert kost inngår klassane innskot frå kundar og renteberande skyldnader som sertifikat- og obligasjonsgjeld.

Måling til verkeleg verdi

Verkeleg verdi av finansielle instrument som vert omsett i aktive marknader vert fastsett ved slutten av rapporteringsperioden med omsyn til noterte marknadsprisar eller kursar frå forhandlarar av finansielle instrument, utan frådrag for transaksjonskostnader. Marknaden er aktiv der det er mogeleg å skaffa fram eksterne observerbare prisar, kursar eller renter og desse prisane representerer faktiske og hyppige transaksjonar i marknaden.

For finansielle instrument som ikkje vert omsett i ein aktiv marknad, vert den verkelege verdien fastsett ved hjelp av ein eigna verdsettingsmetode. Slike verdsettingsmetodar omfattar bruk av nyleg føretekte transaksjonar i marknaden på «ein armlengds avstand» mellom velinformerte og friviljuge partar, om slike er tilgjengelege, ved å visa til løpande verkeleg verdi av et anna instrument som er praktisk talt det same, berekning av diskontert kontantstraum eller andre verdsettingsmodellar.

Ein analyse av verkelig verdi av finansielle instrument og ytterlegare detaljar om måling av desse vert vist i eigen note i samband med årsrekneskapen.

Måling til amortisert kost

Finansielle instrument som ikkje vert målt til verkeleg verdi, vert målt til amortisert kost, og inntektene vert rekna etter instrumentet si effektive rente. Den effektive renta vert fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstraumar innanfor forventa løpetid.

Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr og direkte, marginale transaksjonskostnader som ikkje direkte vert betalt av kunden, samt eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstraumar neddiskontert med den effektive renta.

Måling av finansielle garantiar

Diskonterte finansielle garantiar vert vurdert til verkeleg verdi, som ved fyrste gongs rekneskapsføring vert rekna som motteke vederlag for garantien. Ved etterfylgjande måling vert finansielle garantiar verdsett til det høgste beløp av mottatt vederlag for garantien med frådrag for eventuelle resultatførte amortiseringar og beste estimat for vederlag ved eventuell innfriing av garantien.

Overtaking av eignelutar

Eignelutar som kjem i banken si eiga i samband med oppfylging av misleghaldne og nedskrivne engasjement, vert verdsett til verkeleg verdi når eigneluten vert teke over. Slike eignelutar vert klassifisert i balansen etter sin art. Etterfylgjande verddivurdering og klassifisering av resultat effekt følger prinsippa for den aktuelle balanseposten.

Valuta

Transaksjonar i utanlandsk valuta vert rekna om til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta vert rekna om til norske kroner ved å nytta kurs på balansedagen. Ikkje-pengepostar som vert målt til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, vert rekna om til norske kroner ved å nytta valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som vert målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, vert rekna om til valutakursen fastsett på balansetidspunktet. Valutakursendringar vert løpande resultatført i rekneskapsperioden.

Varige driftsmiddel

I samsvar med IFRS er det gjort ei vurdering av om eigedommane i banken er driftsmiddel til eige bruk eller investeringseigedommar. Alle eigedommane er vurdert å være driftsmiddel til eige bruk og vert rekneskapsført i samsvar med IAS 16. Verdien på eigedommane vert sett til historisk kost med avskrivning over forventa levetid. Det er krav om at ulike element med ulik levetid vert skilt ut og avskrive separat. Dekomponering av historiske kostprisar er i praksis ikkje mogeleg for bygningar eigd over lang tid. Me nyttar difor høvet i regelverket som gjev lov til at verkeleg verdi vert sett som ny kostpris ved implementering av IAS 16. Meirverdien ut frå denne verdsettinga er handsama som implementeringseffekt mot eigenkapitalen pr. 01.01.2010. Ved ein eventuell vesentleg verdireduksjon i marknadsverdiar vert det sett krav til at driftsmidla skal skrivast ned, der nedskrivninga skal resultatførast. Varige driftsmiddel er i rekneskapen ført til anskaffingskost eller «ny kostpris» etter frådrag for ordinære akkumulerte avskrivningar. Ordinære avskrivningar er basert på kostpris, og avskrivningane er fordelt lineært over driftsmidla si økonomiske levetid.

Immaterielle eignelutar

Utvikling av programvare vert balanseført og klassifisert som immaterielle eignelutar dersom verdien vert vurdert som vesentleg, og det er forventa at den har varig verdi. Ved utvikling av programvare vert bruk av eigne ressursar, forprosjektering, implementering og opplæring utgiftsført. Balanseført eigenutvikla programvare vert avskrive over anslått levetid. Det vert løpande vurdert om det er behov for nedskrivning som fylgje av at verdien av forventa økonomisk fordel er lågare enn balanseført verdi.

Skatt

Skattekostnad er sett saman av betalbar skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt/skattefordel er rekna på alle skilnader mellom rekneskapsmessig og skattemessig verdi på eignelutar og gjeld med unntak av:

- mellombels skilnad knytt til aksjar som fell inn under fritaksmetoden

Utsett skattefordel er rekneskapsført når det er sannsynleg at banken vil ha tilstrekkelege skattemessige overskot i seinare periodar til å gjera seg nytte av skattefordelen. Banken fører tidlegare ikkje rekneskapsført utsett skattefordel i den grad det har vorte sannsynleg at banken kan nytta seg av den utsette skattefordelen. Likeeins vil banken redusera utsett skattefordel i den grad ein ikkje lenger ser det som sannsynleg at ein kan nyttiggjera seg av den utsette skattefordelen.

Utsett skatt og utsett skattefordel er målt basert på forventa framtidig skattesats.

Utsett skatt og utsett skattefordel vert ført til nominell verdi og er klassifisert som finansielt anleggsmiddel (langsiktig skyldnad) i balansen.

Betalbar skatt og utsett skatt er rekneskapsført direkte mot eigenkapitalen i den grad skattepostane relaterer seg til eigenkapitaltransaksjonar.

Pensjonsskyldnader

Pensjonsskyldnad gjeld rekneskapsført avsetjing til førtidspensjonsordning for tidlegare banksjef.

Skyldnader/avsetjingar

Avsetjing til restrukturering vert føreteke i samsvar med IAS 37. Krav til avsetjing er at det eksisterer ein skyldnad som kjem frå tidlegare hendingar, og at det er mest sannsynleg at skyldnaden vil koma til oppgjør. Avsetjingar vert rekna som noverdien av forventa utbetalingar for å innfri skyldnaden. Foreslått utbytte er ikkje formelt beslutta på balansedagen, og tilfredsstillar ikkje kriteria for ein skyldnad i samsvar til IAS 37.

Utbytte

Foreslått utbytte vert bokført som ein del av eigenkapitalen fram til endeleg vedtak i banken si generalforsamling.

Betinga skyldnader og eignelutar

Betinga skyldnader er ikkje ført i årsrekneskapen. Det er opplyst om vesentlege betinga skyldnader med unnatak av betinga skyldnader der desse er rekna som låge.

Ein betinga eignelut vert ikkje ført i årsrekneskapen, men vert opplyst om dersom det er sannsynleg at fordelen vil tilflyta banken.

Hendingar etter balansedagen

Ny informasjon etter balansedagen om selskapet si finansielle stilling på balansedagen er teke omsyn til i årsrekneskapen. Det vert opplyst om vesentlege hendingar etter balansedagen som ikkje påverkar selskapet si finansielle stilling på balansedagen, men som vil påverka selskapet si finansielle stilling i framtida.

Kontantstraumoppstilling

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd med utgangspunkt i brutto kontantstraumar frå operasjonelle-, investerings- og finansieringsaktivitetar. Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar er definert som løpande renter knytt til utlans- og innskotsverksemd mot kundar, samt utbetalingar generert frå kostnader knytt til den ordinære operasjonelle verksemda. Investeringsaktivitetar er definert som kontantstraumar frå verdipapirtransaksjonar, samt investeringar i driftsmidlar og eigedommar. Kontantstraumar frå utlans- og innskotsverksemda, opptak og nedbetaling av ansvarlege lån, obligasjonsgjeld og eigenkapital er definert som finansieringsaktivitetar. Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank.

NOTE 3 | Bruk av estimat og skjønnsmessige vurderingar

Estimat og skjønnsmessige vurderingar vert løpande vurdert og er basert på historisk erfaring og andre faktorar. For rekneskapsføremål nyttar banken estimat og skjønn om framtida. Rekneskapsestimata kan avvika frå dei oppnådde resultatane, men dei er basert på beste estimat på det tidspunktet rekneskapen vert avslutta. Nedanfor er estimat og skjønn som i monaleg grad kan påverke balanseført verdi av eignelutar eller skyldnader handsama.

Nedskrivingar på utlån og garantiar

Dersom objektive indikasjonar kan identifiserast, vert nedskriving på utlån rekna som forskjellen mellom rekneskapsført verdi i balansen og forventa framtidige kontantstraumar neddiskontert med den effektive renta på lånet. Estimerte framtidige kontantstraumar vert basert på erfaringsmateriale og skjønn basert på faktiske forhold på balansedagen. Både makroøkonomiske forhold og forhold knytt til dei utsette engasjementa vert vurdert. Dei forventa kontantstraumane vert føreteke i banken, og kvaliteten av dette arbeidet påverkar verdiane som vert rekna ut.

Individuelle nedskrivingar

Ved estimering av nedskriving på enkeltkundar vert både aktuell og forventa framtidig finansiell stilling vurdert. For engasjement innan bedriftsmarknaden vert i tillegg kunden sin marknadssituasjon, aktuell sektor og marknadforhold generelt vurdert. Høve til rekapitalisering, restrukturering og refinansiering vert også vurdert. Ei samla vurdering av desse forholda vert lagt til grunn for estimering av framtidig kontantstrøm. Kontantstrømmen vert estimert over ein periode som vert individuelt fastsett for den aktuelle kunden, eller gruppe av kundar dersom denne er lik for desse kundane.

Gruppevise nedskrivingar

Ved kvart balansetidspunkt vert det rekna verdifall for engasjement som ikkje er fanga opp av individuelle vurderingar. Engasjement som er vurdert individuelt men der nedskrivingar ikkje er føreteke, vert rekna med i denne kategorien. Engasjementa vert delt inn i grupper som synes like ut frå makroøkonomisk påverknad. Forventa framtidige kontantstraumar vert estimert på bakgrunn av forventa tap og estimat for konjunktursituasjonen for kvar

enkelt gruppe. Forventa tap er basert på tapserfaring innan kvar gruppe. For å rekne noverdien av forventa framtidige kontantstraumar for engasjement med gruppevise nedskrivingar, vert observert neddiskonteringsrente brukt på dei individuelt vurderte engasjementa.

Nedskriving på finansielle instrument tilgjengeleg for sal

Banken vurderer at finansielle instrument tilgjengeleg for sal har trong for nedskriving ved eit vesentleg eller langvarig verdifall som gjer at verkeleg verdi på instrumentet er lågare enn kostpris. Vurdering av om verdifallet er vesentleg eller langvarig baserer seg på skjønn. For å utøve dette skjønnnet vert mellom anna den normale volatiliteten til instrumentet vurdert. I tillegg kan ei nedskriving vera relevant når det er bevis for at investeringsobjektet sin økonomiske tilstand, bransje eller sektorforhold, endring i teknologi og operasjonelle eller finansielle kontantstraumar er svekka.

Verkeleg verdi i ikkje aktiv marknad

For å setja verkeleg verdi på finansielle instrument som ikkje er notert i ein aktiv marknad brukar banken verdsettingsteknikkar. Verdsettingsteknikkar (til dømes modellar) som vert nytta for å fastsetja verkeleg verdi, vert periodisk vurdert opp mot utvikling i verdi av liknande instrument, og gjennomførte transaksjonar i same papir. I den grad det er praktisk mogeleg vert data frå marknaden nytta, men på område som kredittrisiko, volatilitet og korrelasjonar må estimat nyttast. Endringar i føresetnader for desse faktorane kan påverka den verkelege verdien på finansielle instrument.

Overtekne eignelutar

Banken har ikkje overtekne eignelutar i rekneskapen pr. 31.12.2015.

NOTE 4 | Kapitalstyring og kapitaldekning

KAPITALSTYRING

Banken har fylgjande mål for kapitalstyringa:

- 1) Halda seg til eksterne krav til kapitaldekning fastsett av regulerande styresmakter.
- 2) Sikra banken si evne til å halda fram som ein solid frittstående bank.
- 3) Oppretthalda ein tilstrekkeleg kapitalbase for å støtta opp under utviklinga i banken si verksemd.
- 4) Oppretthalda ein tilstrekkeleg kapitalbase som sikrar at prisen på banken si eiga finansiering held seg på eit akseptabelt nivå.

Banken si kapitaldekning målt med ansvarleg kapital over samla kapitalkrav skal i fylgje lov og forskrift minst vera på 13,5%.

Ved styret sin årlege ICAAP-prosess vert naudsynt kapital i forhold til banken sine vekstmål fastsett.

I banken sin ICAAP for 2015 er minstemålet på banken si kapitaldekning sett til 17,0%, og målet for minimum rein kjernekapitaldekning sett til 13,5%.

Banken har frå ein vart etablert hatt tilstrekkeleg kapitaldekning.

KAPITALDEKNING

	31.12.15		31.12.14	
	Bereknings- grunnlag	Kapitalkrav	Bereknings- grunnlag	Kapitalkrav
Lokale og regionale styresmakter	18 493	1 479	9 623	770
Institusjonar	34 130	2 730	60 493	4 839
Føretak	238 823	19 106	274 423	21 954
Massemarknad	4 070	326	3 430	274
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1 232 425	98 594	1 303 837	104 307
Forfalne engasjement	11 917	953	19 447	1 556
Obligasjonar med fortrinnsrett	9 922	794	10 307	825
Andelar i verdipapirfond	47 942	3 835	141 262	11 301
Eigenkapitalposisjonar	39 313	3 145	33 930	2 714
Andre engasjement	148 147	11 852	189 739	15 179
Sum kredittrisiko	1 785 182	142 815	2 046 491	163 719
Operasjonell risiko	154 379	12 350	135 581	10 846
Frådrag for gruppevise nedskrivningar ¹⁾	0	0	0	0
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	5 800	464	0	0
Samla kapitalkrav	1 945 361	155 629	2 182 072	174 566
Innbetalt aksjekapital	9 500		9 500	
- egne aksjar	- 43		- 11	
Sum opptent eigenkapital	343 950		338 389	
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	- 5 839		- 8 759	
Frådrag	- 401		- 477	
Rein kjernekapital	347 167	17,85%	338 642	15,52%
Fondsobligasjonar til verkeleg verdi	38 159		40 768	
Frådrag for verdiendring fondsobligasjon	- 3 159		- 5 768	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	- 10 500		0	
Kjernekapital	371 667	19,11%	373 642	17,12%
Fond for urealiserte verdiendringar	3 895		1 240	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	40 000		50 000	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	- 1 093		0	
Sum tilleggskapital	42 802	2,20%	51 240	2,35%
Sum netto ansvarleg kapital	414 469	21,31%	424 882	19,47%

1) Gruppevise nedskrivningar er i 2015 fordelt på engasjementstypar.

RISIKOSTYRING

Banken sine forretningsaktivitetar fører til at verksemda er eksponert for ei rekkje finansielle risiki. Banken si målsetting er å oppnå ein balanse mellom avkastning og risiko, og å minimalisera potensielle negative verknader på banken sitt finansielle resultat.

Banken si finansielle risikostyring er etablert for å identifisera og analysera desse risiki, samt å etablere passande risikorammer og -kontrollar, og å overvåka at reglane vert haldne gjennom bruk av pålitelege og oppdaterte informasjonssystem. Banken vurderer jamleg dei etablerte retningslinjene for risikostyring og systemet som er etablert for å sikra at endringar i produkt og marknad vert reflektert i risikorammene.

Ansvaret for banken si risikostyring og kontroll er delt mellom banken sitt styre og leiinga. Styret vedtek banken sine mål og rammestruktur innanfor alle risikiområde, herunder retningslinjer for styring av risiko.

Banksjef har ansvaret for den samla risikostyringa i banken. Alle vedtak knytt til risiko og risikostyring vert normalt fatta av banksjef i samråd med øvrige medlemmer i banken si leiing.

Ass. banksjef har ansvar for utvikling av modellar og rammeverk for styring og kontroll i banken.

Alle leiarar i banken har ansvar for å styra risiko og sikra god intern kontroll innanfor eige område i tråd med banken sin vedtekte risikoprofil.

KREDITTRISIKO

Banken tek kredittrisiko, som er risikoen for at motparten vil påføra banken eit tap ved ikkje å gjere opp banken sitt tilgodehavande. Kreditteksponering er primært knytt til uteståande lån og gjeldspapir. Det er også kredittrisiko knytt til «off-balance» finansielle instrument som lånetilsagn og derivat.

Sjå note 6-9 for vurdering av kredittrisiko.

LIKVIDITETSRISIKO

Risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri sine plikter ved forfall, samt risikoen for at banken ikkje klarer å møta sine likviditetsplikter utan at kostnaden vert dramatisk auka. I eit breiare perspektiv inneheld likviditetsrisiko også risiko for at banken ikkje er i stand til å finansiera auke i eignelutar etter kvart som trongen for refinansiering aukar.

Sjå note 10 for vurdering av likviditetsrisiko.

MARKNADSSRISIKO

Banken er eksponert for marknadssisiko, som er risikoen for at verkeleg verdi av framtidige kontantstraumar knytt til finansielle instrument vil verta endra p.g.a. endringar i marknadsprisar. Marknadssisiko er knytt til opne posisjonar i rente-, valuta og aksjeprodukt som er eksponert mot endra marknadsprisar i volatiliteten i prisar som rentesatsar, kredittspreadar, valutakursar og aksjeprisar.

Sjå note 11 - 14 for vurdering av marknadssisiko.

OPERASJONELL RISIKO

Risikoen for tap som skuldast dårlege eller feil i prosessar og system, feil som tilsette gjer, eller eksterne hendingar.

FORRETNINGSRISIKO

Risiko for tap på grunn av endringar i eksterne forhold som marknadssituasjon eller reguleringar frå styresmaktene.

Risikoen inkluderer òg omdømmerisiko.

NOTE 6 | Kredittrisiko

Kredittrisiko oppstår i hovudsak knytt til banken sin utlånsportefølje, men også knytt til banken si beholdning av obligasjonar. Banken si maksimale eksponering for kredittrisiko framgår av tabellen under.

BANKEN SI MAKSIMALE EKSPONERING FOR KREDITTRISIKO PÅ LÅNEENGASJEMENT

	2015	2014
Bokført verdi utlån (netto etter tapsavsetjingar)	3 126 643	3 201 814
Garantiar	91 775	71 741
Unyttta kredittrammer	163 877	108 933
Maksimal eksponering for kredittrisiko	3 382 295	3 382 488
UTLÅN TIL OG FORDRINGAR PÅ KUNDAR		
Kasse- /drifts- og brukskredittar	155 721	180 260
Byggjelån	32 083	31 741
Nedbetalingslån	2 987 702	3 039 592
Sum utlån før individuelle og gruppevise nedskrivningar	3 175 506	3 251 593
Individuelle nedskrivningar på utlån, kredittar og garantiar	- 29 787	- 30 703
Gruppevise nedskrivningar	- 19 076	- 19 076
Sum netto utlån og fordringar på kundar	3 126 643	3 201 814
GARANTIAR OVERFOR KUNDAR		
Betalingsgarantiar	26 881	17 128
Kontraktsgarantiar	59 475	49 117
Anna garantiansvar	5 419	5 496
Sum garantiar	91 775	71 741

MÅLING AV KREDITTRISIKO FOR UTLÅNSPORTEFØLJEN

Næringskundar

Alle næringskundar med engasjement over 1 mill. kr vert risikoklassifisert. Klassifisering av næringskundar skjer på grunnlag av kunden si økonomiske stilling og verdi av trygd i depot. Klassifisering av økonomisk stilling skjer på grunnlag av utrekna nøkkeltal for likviditet/soliditet og rentabilitet, som tel 50% kvar.

Personkundar

Alle personkundar med engasjement over 750 000 kr vert risikoklassifisert. Risikoklassifisering skjer etter belåningsgrad og verdi av trygd i depot.

Prising av risiko

Låg risiko vert prisa lågare enn høg risiko. Dette gjeld begge kundegrupper.

Forskyvingar mellom risikogrupper gjennom året

Det har berre vore uvesentlege forskyvingar mellom risikogrupper i året.

Forventa tap i høve til forventa renteinntekter

Dei forventa årlege renteinntektene vil for kvar risikoklasse overstiga dei forventa tapa.

Utlån fordelt på risikogrupper

NÆRINGSKUNDAR 2015

Risikoklasse	Kl.	Brutto utlån	Garantiar	Individuelle nedskrivningar
Låg risiko	A	283 417	60 575	550
Middels risiko	B	152 666	19 455	750
Høg risiko	C	119 351	9 725	24 687
Ikkje klassifisert		15 187	666	0
Sum		570 621	90 421	25 987

NÆRINGSKUNDAR 2014

Risikoklasse	Kl.	Brutto utlån	Garantiar	Individuelle nedskrivningar
Låg risiko	A	328 672	53 057	550
Middels risiko	B	264 228	3 725	900
Høg risiko	C	117 906	12 526	24 550
Ikkje klassifisert		22 770	776	150
Sum		733 576	70 084	26 150

PRIVATKUNDAR 2015

Risikoklasse	Kl.	Brutto utlån	Garantiar	Individuelle nedskrivningar
Låg risiko	A	1 069 235	538	873
Middels risiko	B	1 224 883	435	1 650
Høg risiko	C	256 367	68	826
Ikkje klassifisert		54 400	313	451
Sum		2 604 885	1 354	3 800

PRIVATKUNDAR 2014

Risikoklasse	Kl.	Brutto utlån	Garantiar	Individuelle nedskrivningar
Låg risiko	A	1 092 735	738	1 103
Middels risiko	B	1 158 038	350	2 085
Høg risiko	C	194 837	165	733
Ikkje klassifisert		72 407	404	632
Sum		2 518 017	1 657	4 553

EIKA BOLIGKREDITT AS

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA sine formidla lån til Eika Boligkreditt AS, utgjorde 240 mill. kr pr. 31.12.2015. Tilsvarende tall pr. 31.12.2014 var 166 mill. kr. Bustadlån formidla til Eika Boligkreditt er aldri inne på banken sin eigen balanse. Dersom eit lån i EBK vert misleghelde, vil banken ta lånet inn i sin balanse. Alle lån i EBK

har eit krav om å vera innanfor 60 % belåningsgrad, slik at desse låna er veldig godt sikra.

Tapsrisikoen er i praksis veldig låg. Banken har heller aldri tapt på lån formidla til EBK.

NOTE 7

Utlån og garantiar fordelt på marknader

	2015	2014	2015	2014
	Brutto utlån	Brutto utlån	Garantiar	Garantiar
Voss og omland	2 256 582	2 351 178	87 781	64 318
Resten av landet	918 924	900 415	3 994	7 423
